



# Rapport og planar (2010 - 2011)

Vedteke av Styret  
for Høgskulen i Sogn og Fjordane  
28. februar 2011



# Innhald

## Rapport 2010

Innleiing .....	7
Sektormål 1. Universitet og høgskular skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.....	11
Sektormål 2. Universitet og høgskular skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid. ....	25
Sektormål 3. Universitet og høgskular skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultatata. Universitet og høgskular skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten. ....	33
Sektormål 4. Høgskulen skal organisere og drive verksemda si på ein slik måte at samfunnsoppdraget blir best mogeleg ivareteke innafor ramma av disponible ressursar. ....	39

## Planar 2011

Sektormål 1. Universitet og høgskular skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.....	51
Sektormål 2. Universitet og høgskular skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid. ....	61
Sektormål 3. Universitet og høgskular skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultatata. Universitet og høgskular skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten. ....	65
Sektormål 4. Høgskulen skal organisere og drive verksemda si på ein slik måte at samfunnsoppdraget blir best mogeleg ivareteke innafor ramma av disponible ressursar. ....	69
Vedlegg.....	75



# Rapport 2010



# Innleiing

---

## Rapport om styret sitt arbeid

### Styrearbeid

HSF-styret har i 2009 hatt 6 styremøte. Vidare har det vore to styreseminar der hovudtema var organiseringa av HSF si faglege verksemd. På seminara har leiargruppa og tillitsvalde deltatt.

Jon Naustdalslid fekk fritak for vervet som styreleiar og medlem i HSF sitt styre frå 01.01.10. Frå same tidspunkt vart Heidi-Kathrin Osland oppnemnd som ny styreleiar og Ole Schanke Eikum rykte opp som fast medlem i styret. Petter Øgar har seinare fått fritak for vervet som varamedlem til styret. Karin Halle har rykt opp som første og einaste vararepr. for dei eksterne styremedlemmene. Det er ikkje gjort suppleringar på varalista for dei eksterne styremedlemmene.

Studentrepresentantar i 2010 har vore Therese Thorsheim og Ole Martin Klepsvik.

Styret har som fast praksis å evaluera gjennomføringa av styremøta ved slutten av kvart møte.

### Generell vurdering

#### Strategisk plan

Styret vedtok i november 2009 ein ny strategisk plan for HSF.

Styret har vektlagt å få ein kortfatta plan der høgskulen sine hovudmål skal stå tydeleg fram. Planen signaliserer også ei viss styrking av satsinga på mastergrader der målet er at alle dei store utdanningsområda våre bør tilby ein mastergrad. Dette skal kombinerast med ei forsterka satsing på forskning og utviklingsarbeid i HSF.

I planen stiller styret seg også positiv til å delta i bygginga av eit Vestlandsuniversitet.

Planen er på eit overordna nivå og det er styret sin intensjon at ein gjennom dokumentet ”Rapport og planar” skal konkretisera måla og hovudtiltak for å nå desse.

2010 er det første heile arbeidsåret etter at styret vedtok ny strategisk plan.

#### Studentrekruttering

2009 var eit svært positivt år for HSF når det galdt studentrekruttering. Denne positive utviklinga har halde fram i 2010 og det gjer at talet studentar i HSF, målt som heiltidsekvivalentar, har auka frå 1992 i 2008 til 2451 i 2010.

HSF har styrka seg både på den lokale marknaden i Sogn og Fjordane med vekt på vidareutdanning og samlingsbaserte grunnutdanningar , og på den nasjonale studentmarknaden med auke i talet heiltidsstudentar rekruttert utanfor fylket.

Nasjonalt er det venta vidare vekst dei neste 10 åra grunna større årskull, auka studiefrekvens og innvandring. Sogn og Fjordane skil seg frå denne utviklingstrenden ved at her er det venta reduserte årskull i alderen 20-29 år.

For HSF betyr det at rekrutteringspotensialet lokalt i Sogn og Fjordane er avgrensa og at HSF må styrka seg på den regionale og nasjonale studentmarknaden. Dette må skje primært gjennom at HSF er ein attraktiv studiestad og eit alternativ til å studera i dei store byane for ungdom som vil flytta heimafrå i studietida. Gjennom SAK-samarbeidet i UH-nett Vest kan også HSF få oppgåver som kan auka studentgrunnlaget spesielt innan vidareutdanning og samlingsbaserte grunnutdanningar.

### Økonomi

HSF har i 2010 eit økonomisk resultat med eit meirforbruk på 2 mill. kr. Dette vert dekkja gjennom tidlegare års mindreforbruk på i alt 7 mill. kr. Det var planlagt eit meirforbruk på 2,8 mill. kr. I 2011 er det planlagt med eit meirforbruk på 4,2 mill. kr. Internt i HSF er det varierende meir- og mindreforbruk på budsjetteiningane, noko som gjer at det samla mindreforbruket ikkje utan vidare kan disponerast på institusjonsnivå.

Veksten i tal studieplassar og nye studietilbod gjer at HSF i ein periode må planleggja med større aktivitetsnivå enn kva dei årlege økonomiske rammene gjev rom for. Dette kan dekkast dels med tidlegare oppsamla mindreforbruk og dels gjennom forventta auke i studiepoengproduksjonen i 2012 og 2013. So langt viser rapporteringa for 2010 at dei økonomiske prognosane som vi planlegg ut frå er sannsynlege. Prognosane viser også at risiko og konsekvensar er på eit handterbart nivå.

I 2009 og også i 2010 har HSF gitt høg prioritet til nye bachelorstudium og til auke i talet studieplassar på bachelornivå. Satsinga på ei grunnskulelærerutdanning som skal dekkja behova i Sogn og Fjordane er ei klar prioritering i 2011. I tillegg har HSF i 2011 starta ei målretta satsing på å byggja opp masterstudium på dei store utdanningsområda våre. Dette har HSF ikkje klart fullt enno. Det føreset auka studentrekruttering på bachelornivå og dermed ein meir økonomisk robust høgskule for å koma i mål med mastermålsetjingane i strategiplanen.

Styret har vektlagt ei auka satsing på forskings- og utviklingsarbeid. So langt har ein ikkje klart å prioritera ekstra ressursar til fou av løyvinga frå KD utover det som fylgjer av generell aktivitetsauke. Kapasitetsauke på bachelornivå, mastertilbod og styrka fou-satsing konkurrerer til dels om dei same ressursane.

HSF har ikkje prioritert ned ressursbruken på sjølve undervisningsverksemda for å få på plass nye satsingar. Dels er dette grunngeve med at HSF må halda høg studiekvalitet og dels at det vart gjort betydelege innsparingar/effektivisering i perioden med minkande studenttal fram til 2008. Det gjer det vanskeleg å fortsetja denne type effektivisering.

Det er knytt usikkerheit til kva auka studenttal og tal tilsette vil bety for driftskostnadene i HSF. So langt er noko av veksten gjort mogleg gjennom betre utnytting av eksisterande infrastruktur, men HSF er budd på at driftsbudsjettet kanskje må styrkast i åra som kjem. Spesielt viktig er det å få overta Gymnaset frå Sogn og Fjordane fylkeskommune slik at talet kontor og undervisningsrom kan aukast.

### Studietilbod

Det er gjort greie for korleis HSF har nytta tildelte studieplassar i eige vedlegg til dette dokumentet. Dei tildelte studieplassane er brukt i samsvar med dei nasjonale føringane som Kunnskapsdepartementet har sett. HSF vil peika på at den vidare utviklinga av gode utdanningstilbod føreset at HSF kan utvikla mastertilbod innanfor dei store utdanningsområda



våre. Eit godt vidareutdanningstilbod har også vist seg å vera viktig både for å dekkja behov i arbeidslivet, men også for å koma i dialog og kontakt med det same arbeidsliv. I tildeling av nye studieplassar må det vera mogleg for HSF å prioritera slike satsingar utan at det skal gå på bekostning av bachelorstudia.

HSF prioriterer høg studiekvalitet og reknar dette som eit sentralt tiltak for å vera ein attraktiv høgskule på ein nasjonal utdanningsmarknad. HSF har derfor prioritert arbeidet med kvalitetssystemet og sett i verk tiltak der det er avdekka behov. Prioriterte oppgåver no er mellom anna fagpersonalet sin pedagogiske og digitale kompetanse.

Styret registrerer at HSF framleis har god gjennomstrøyming, høg studiepoengproduksjon og eit karakternivå om lag på snittet for samanliknbare høgskular. Generelt sett er det derfor ikkje avdekka alvorleg svikt i studiekvaliteten i HSF.

### Forskning, formidling og utviklingsarbeid

Det er framleis vekst i den eksternt finansierte verksemda i HSF med ein auke på ca 6 mill. kr. i 2010. Dette skuldast dels at HSF vert vurdert som ein interessant samarbeidspartnar i ulike samanhengar, men også at det i arbeidslivet er aukande interesse for å nytta midlar til utviklingstiltak der HSF kan vera ein bidragsytar. Dette aukar behovet for å styrka HSF sitt arbeid med eksternt finansiert verksemd. Auka dekningsbidrag gjev også økonomisk handlefridom til å iverksetja tiltak.

Publiseringa i HSF har auka i 2010 i høve til 2009. Det har vore ei langsiktig målsetjing i HSF å få opp att publiseringsaktiviteten og utviklinga i 2010 viser at HSF er på rett veg.

Utgangspunktet for publisering er likevel at det skjer forskings- og utviklingsarbeid som gjev grunnlag for publiserbare artiklar. Auka eksterne inntekter, god gjennomføring i stipendiatstillingane og ei organisering av fou-arbeidet i forskingsgrupper på avdelingane med tydelegare og meir samordna faglege målsetjingar bidreg til betre publisering.

Strategien med å etablere tydelegare forskingsgrupper med ressursar til forskingsleiarar vart vedtatt i forrige strategiplan og er so langt vidareført. HSF vil evaluere erfaringane med forskingsgruppene i 2011 og sjå på kva tiltak og justeringar som kan vera nødvendige.

HSF har eit godt samarbeid med lokalt arbeids- og næringsliv og vil halda fram arbeidet med å styrka og vidareutvikla dette samarbeidet. Vi vil gje høg prioritet til tiltak som gjev relativt direkte kontakt mellom fagmiljø i HSF og relevant arbeidsliv. Dette har vi gode erfaringar med på fleire sektorar. Vi vil vera tilbakehaldne med samarbeidstiltak som gjer samarbeidsrelasjonane meir omstendelege og byråkratiske.

Det vert også arrangert eit aukande tal faglege konferansar/seminar i HSF-regi der målgruppa er lokalt arbeidsliv. HSF har også gode erfaringar med at fagtilsette skriv kronikkar i lokalavisene og det er lett å få slikt stoff inn. Formidlingsarbeid er ei prioritert oppgåve hjå oss og vi set i gang ulike tiltak for å styrka denne satsinga.

### Risikostyring

Styret har på vesentlege område for høgskulen vore opptatt av å ha tiltak, både førebuande og i ettertid, som kan møte risikoar.

Det er ikkje tvil om at hovudutfordringa for HSF i mange år har vore svak studentrekruttering og tilhøyrande økonomiske utfordringar. På rekrutteringsområdet har det medført høgt fokus på "førebyggjande" tiltak som relevante studietilbod, god studiekvalitet og iverksetjing av tiltak når kvaliteten på eit undervisningstilbod sviktar. På økonomiområdet har vi arbeidd mykje

med prognosar for å fastsetja eit aktivitetsnivå som er forsvarleg både kortsiktig og meir langsiktig. Sjølv om risikoen på dette området er minkande, vil vi halda fram dette arbeidet.

Eit anna viktig område for HSF er forskings- og utviklingsarbeid. Dette er eit nødvendig arbeid for å ha ein fagleg dynamisk høgskule som er utviklingsorientert og oppdatert på det fremste innan sine fagfelt. Dette er først og fremst eit langsiktig arbeid som krev evne til å utvikla rammevilkår for fou-arbeid som er gode og tilpassa våre føresetnader. HSF må både kunna arbeida langsiktig etter optrukne føresetnader, men også ha evne til å endra og justera desse når dei ikkje svarar til intensjonane. Dette må kombinerast med evne til å handla kortsiktig når det vert avdekka avvik frå føresett utviklingsløp.

HSF skal vera ein organisasjon som både har eit yrkesrelevant fokus på sitt faglege arbeid, men som samstundes er fagleg oppdatert. Det yrkesrelevante fokuset har både ein formidlingsdimensjon, men skal også vera ei dynamisk kraft i HSF si faglege utvikling. Til liks med forskning er dette eit langsiktig arbeid der risikostyringa både må fanga opp langsiktige utfordringar og meir kortsiktige avvik.

### OU-prosessen

HSF har i 2010 sett på organiseringa av den faglege aktiviteten og har vedtatt å redusera talet avdelingar frå 5 til 4 avdelingar og oppretta 8 institutt. Målsetjinga er å få organisert den faglege aktiviteten i tydelege primæreiningar med oppretting av institutt samstundes som vidareføring av avdelingane skal handtera faglege samordnings- og utviklingsoppgåver.

På institusjonsnivå har styret vedtatt å oppretta stillingar som viserektor for utdanning og viserektor for fou med eit samla fagleg og administrativt ansvar for sine fagområde. Styret forventar at desse stillingane skal bidra til ei sterkare strategisk leiing på institusjonsnivå.

### Forvaltning av fullmakter.

HSF har ikkje aksjar i aksjeselskap og har heller ikkje planar pr. dags dato om å bli medeigar i noko aksjeselskap.

### HMS

HSF driv eit løpande HMS-arbeid i samsvar med dei føringar som er lagt i offentlege lover og forskrifter. HSF er medlem i ei lokal bedriftshelseteneste.

### Brukarundersøkelser

HSF har eit fast opplegg for brukarundersøkelser.

# Sektormål 1

**Universitet og høgskular skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.**

## Verksemdsmål 1.1

**Høgskulen skal utdanna kandidatar med høg kompetanse og med relevans for behova i samfunnet.**

### Styringsparameter 1

**Tal primær søkerar gjennom Samordna Opptak (per 15. april) skal vere minst 870 og tal primær søkerar per utlyst studie plass skal vera minst 1,2.**

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål
	2007	2008	2009	2010	2010
Primær søkerar gjennom Samordna Opptak	708	689	1030	985	870
Primær søkerar per utlyst studie plass	1,04	1,03	1,39	1,39	1,20

Høgskulen hadde nær 50% auke i tal primær søkerar gjennom SO frå 2008 til 2009. For 2010 vart resultatmålet sett noko lægre (870), fordi det dette året ikkje var opptak til nokre populære samlingsbaserte utdanningar (førskule og sjukepleie). Når tal primær søkerar enda på 985, er det svært positivt og inneber i realiteten at høgskulen har styrka rekrutteringa ytterlegare frå 2009 til 2010.

I 2010 slår det positivt ut at to nyetablerte tilbod (bachelor i fornybar energi og årsstudium i jus) rekrutterte godt. Elles er det gjennomgåande positiv utvikling i rekrutteringa for så og seia alle høgskulen sine grunnutdanningar. Dette gjeld også den nye grunnskulelærerutdanninga og det gjeld ingeniør- og naturfaga.

### Styringsparameter 2

**Tal nye studentar rekruttert gjennom Samordna Opptak skal vere minst 800.**

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål
	2007	2008	2009	2010	2010
Nye studentar (per 1.10.) rekruttert gjennom Samordna Opptak	636	581	804	783	800

Tal nye studentar rekruttert gjennom SO ligg litt under resultatmålet. Ei årsak til det er knytt til søkerar som ikkje gir melding om at dei ikkje er interessert i studie plass. Fleire høgskular opplevde same problemstilling i 2010, og dette er røymsler vi tek med inn i komande opptak.

Sett i forhold til tal utlyste studieplassar og tal nye studentar i 2007 og 2008 må tal nye registrerte studentar likevel reknast som tilfredsstillande.

### Styringsparameter 3

**Tal nye studentar rekruttert utanom Samordna Opptak skal vere minst 700.**

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål
	2007	2008	2009	2010	2010
Nye studentar (per 1.10.) rekruttert utanom SO	637	710	671	900	700

Tal nye registrerte studentar gjennom lokale opptak var rekordhøgt i 2010. Auken gjeld særleg vidareutdanningane for skule og førskule og for helse- og sosialfag, men også rekrutteringa til mastergrader og engelskspråklege studium har klår auke. I tillegg kjem det at høgskulen i 2010 hadde opptak til PPU deltid og eit innpassingsopptak til idrettsstudia. For skule og barnehagesektoren medfører ei omlegging av tilbudet i nokre tilfelle høge studenttal. Tal nye studentar rekruttert gjennom lokale opptak var uansett tilfredsstillande i 2010.

### Styringsparameter 4

**Tal eigenfinansierte studentar per 1.10.10 skal vere minst 2800 og tal eigenfinansierte heiltidsekvivalentar skal vere minst 2300.**

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål
	2007	2008	2009	2010	2010
Eigenfinansierte studentar	2628	2472	2768	3138	2800
Eigenfinansierte heiltidsekvivalentar	2116	1992	2246	2451	2300

Høgskulen sitt studenttal var rekordhøgt hausten 2010 og klårt over resultatmåla. Dette er først og fremst resultat av solid rekruttering og klårt fleire nye registrerte studentar dei to siste åra. Oppgangen er fordelt på dei fleste utdanningane, men er relativt sterkast for lærarutdanningane, idrett, naturfag og ingeniør.

## Styringsparameter 5

Samla kandidatproduksjon ved høgskulen i 2010 skal vere 475.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål
	2007	2008	2009	2010	2010
Mastergrad	2	14	3	12	15
Allmennlærer	56	54	37	32	30
Bachelor Førskulelærer	10	29	47	23	30
Bachelor Sjukepleie	138	77	118	86	90
Bachelor Sosialarbeidar	103	90	102	85	100
Bachelor Samfunnsvitskap	8	6	10	12	10
Bachelor Økonomi, Reiseliv, Informasjonsbehandling	58	50	52	41	50
Bachelor Idrett, Friluftsliv	54	45	43	63	60
Bachelor Naturvitskap	14	7	8	15	10
Bachelor Ingeniør	5	9	9	8	10
Fri Bachelor		4	9	1	10
PPU	27	58	18	63	60
Høgskulekandidat 2-årig	0	1	0	1	0
Samla kandidattal	481	444	456	442	475

Kandidatproduksjonen i 2010 er noko lægre enn resultatmålet. Det meste av årsaka til det ligg i at høgskulen hadde svak studentrekruttering i 2007 og 2008 med relativt små startkull og noko dårlegare gjennomføring som resultat.

## Styringsparameter 6

**Høgskulen skal utvikle studietilbod og fagleg profil med sikte på attraktive studium med god rekruttering.**

Høgskulen har lukkast med studentrekrutteringa siste to åra. Dette har for det første skjedd gjennom satsing på kvalitet i utdanningstilboda og med gode tilbakemeldingar frå studentane som resultat. For det andre har høgskulen intensivert og fornya arbeidet med studentrekruttering. Satsing på studentambassadørar, direkte møte med potensielle søkjarar og aktiv bruk av sosiale medium og nett er stikkord her.

Høgskulen sitt studietilbod og faglege profil har vore drøfta i styret ved fleire høve i 2010. Høgskulen har eit breitt fagleg tilbod med mange små fagmiljø, som kan vera sårbare både i forhold til rekruttering, kvalitet og kompetanse. Høgskulen reknar ikkje med å utvida den faglege breidda vesentleg, men styrka dei fagmiljøa som er.

Høgskulen har så langt hatt tyngda av utdanningstilboda på yrkesretta bachelorstudium med relevante vidareutdanningar knytt til desse. Også i åra som kjem vil hovuddelen av høgskulen sine studentar vera på bachelornivå, men behovet for å tilby mastergrad på ein del utdanningsområde er blitt meir aktuelt. Dette har dels med utviklinga ved konkurrerande høgskular, det har med etterspurnaden blant dei utdanningssøkjande og det har med behovet for å byggja ein fagleg robust høgskule som viser igjen i det akademiske landskapet.

Dei to siste åra har mastergradssatsinga hatt fokus på å utvikle nokre få mastergrader knytt til viktige utdanningsområde som lærar, helse- og sosialfag og økonomi.

Innan idrett og organisasjon og leiing ynskjer HSF å tilby mastergrader der vi spelar ein sentral rolle på Vestlandet.

Mastergraden i landskapsforvaltning vil vera ein spesialisert mastergrad der vi pr. dags dato ikkje ser andre fagmiljø på Vestlandet som vil gå inn på dette fagfeltet.

### **Styringsparameter 7**

**Høgskulen skal tilby mastergrad i lærarutdanning i samarbeid med Universitetet i Bergen frå 2010, og arbeide for å utvikle masterutdanningar aleine eller i samarbeid med andre innan fagområda idrett, helse- og sosial, økonomi- og administrasjon.**

I 2010 vart det inngått avtale med Universitetet i Bergen om mastergrad i undervisning og læring. Studiet vart starta opp hausten 2010. Det vart også inngått avtale med Norges idrettshøgskole om å tilby mastergrad i idrettsvitskap. Dette tilbudet vert sett i verk frå hausten 2011. I 2010 vart det også oppnemnt studieplankomite for mastergrad i helse- og sosialfag, og planleggingsarbeidet er i gang.

### **Styringsparameter 8**

**Høgskulen skal tilby gode og relevante vidareutdanningar med utgangspunkt i dei regionale behova og høgskulens kompetanse.**

Også i 2010 har høgskulen arbeidd aktivt og målretta med sikte på å tilby gode og relevante vidareutdanningar. Særleg har dette lukkast godt i forhold til skule og barnehage og helse- og sosialsektoren. Resultatet er rekordhøge studenttal og gode tilbakemeldingar. Høgskulen har hatt tilbod om vidareutdanningar innafor strategien ”Kompetanse for kvalitet”, men interessa for tilboda har vore svært liten i Sogn og Fjordane.

### **Styringsparameter 9**

**Høgskulen skal tilby attraktive kurs og studietilbod med ekstern finansiering som held høg fagleg og pedagogisk kvalitet.**

Høgskulen har utvikla fleire nye tilbod i 2010, der leiing i skule og barnehage og psyko-sosialt arbeid blant barn og unge har vore dei viktigaste fagområda. Elles tilbyr høgskulen si oppdragseining, HSF Oppdrag, kurs og studietilbod på ei rekkje område. Dei fleste tilboda er finansierte av oppdragsgjevarar innan offentleg sektor.

### **Styringsparameter 10**

**Høgskulen skal sjå kritisk på kvalitetssystemet og vurdere korleis systemet kan utviklast vidare for å styrke oppfølging av evalueringar og tilbakemelding frå studentar, tilsette og praksisfeltet.**

Sjå særskild rapportering.

### **Styringsparameter 11**

**Høgskulen skal ha studieplanar som er forskingsbaserte og med læringsutbytetalar i samsvar med det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket.**

Gjennom fleire faglege samlingar på institusjonsnivå og på avdelingane har høgskulen dette året jobba for å styrke forståinga av korleis ein kan legge til rette for forskingsbasert undervisning. Studieplanane er gjennomgått med mål om å synleggjere dette gjennom arbeidsformer og val av pensum.

Høgskulen har jobba aktivt med opplæring og informasjon til fagtilsette om innføring av det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket. Studieplanane er omarbeidd og inneheld formulering av læringsutbyte tilpassa fagleg nivå for bachelor- og masteremne. Det er arbeidd med å få god samanheng mellom emnenivå og dei samla læringsutbyte ferdige kandidatar skal ha oppnådd. Arbeidet er krevjande, og høgskulen har framleis ein jobb å gjere for å få gode omtalar på plass innan 2012.

### **Styringsparameter 12**

**Bibliotektenesta i høgskulen skal støtte opp om undervisning og forskning og styrke informasjonskompetansen hos studentar og tilsette.**

Det vert organisert undervisning for studentgrupper på førespurnad og i samarbeid med lærarar. Dette er basisundervisning som skal utvikle informasjonskompetanse hjå studentane og undervisninga vert fylgt opp av rettleiing i informasjonssøking i biblioteket. Aktiviteten varierer litt frå år til år, mellom anna avhengig av studietilbodet. Det vert arbeidd med å innføre krav til læringsutbyte om informasjonskompetanse i studieplanane. Dette vil styrke studentane sitt behov for opplæring.

I tillegg kjem undervisningstilbod retta mot fagtilsette. I 2010 gjennomførte biblioteket ein serie med undervisning i referanseverktøyet EndNote. Individuell rettleiing i litteratursøk og i bruk av rapporteringssystemet ForskDok er utbreidd.

### **Styringsparameter 13**

**Høgskulen skal følgje opp NOKUT-evalueringar og revisjonar av aktuelle utdanningar.**

Sjå særskild rapportering

### **Verksemdsmål 1.2**

**Høgskulen skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbyte og god gjennomstrøyming.**

### **Styringsparameter 1**

**Studiepoengproduksjonen i 2010 skal vera 1950 Tal nye studiepoeng per eigenfinansiert student skal vere 42 og per eigenfinansiert heiltidsekvivalent 51.**

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2010
	2007	2008	2009	2010	
Eigenfinansiert studiepoengproduksjon (60-poengeiningar)	1838,1	1881,1	1849,4	2030,0	1950
Studiepoeng per eigenfinansiert student	42,0	45,7	40,5	40,8	42
Studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent	52,1	56,6	49,4	51,7	51

Høgskulen sin studiepoengproduksjon er klårt over resultatmålet for 2010. Dette er primært resultat av at høgskulen har hatt to svært gode år med omsyn til studentrekruttering med sterk auke i studenttalet som følgje. Produksjonen per eigenfinansiert ekvivalent er blant dei høgste i sektoren jamført med andre høgskular og universitet. Fordelt ut per student er produksjonen

ved HSF meir på det jamne i sektoren. Årsaka til skilnaden i produksjon per ekvivalent og student er at høgskulen organiserer relativt mange av studietilboda som deltidsutdanningar. Mellom anna gjeld det alle vidareutdanningar og mastergrader, i tillegg til nokre grunnutdanningar.

### Styringsparameter 2

**HSF skal ha 17,5 studentar per eigenfinansiert fagleg årsverk i 2010**

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2010
	2007	2008	2009	2010	
Studentar per fagleg årsverk	17,2	17,8	17,8	19,8	17,5

Denne indikatoren syner forholdet mellom høgskulen sitt samla studenttal, både eigenfinansierte og oppdragsfinansierte og tal registrerte faglege årsverk. Høgskulen har stor auke i tal studentar på korte vidareutdanningar. Det er berre ein mindre auke i talet på faglege årsverk.

### Styringsparameter 3

**Gjennomføringsprosent i forhold til avtalt utdanningsplan skal vera 88.**

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2010
	2007	2008	2009	2010	
Gjennomføring i forhold til avtalt utdanningsplan	74,6%	83,6%	82,8%	90%	88%

Høgskulen skifta studieadministrativt system i mars. Utdanningsplanane for vårsemesteret 2010 vart lagt inn manuelt.

### Styringsparameter 4

**Høgskulen skal arbeide for å auke den pedagogisk kvaliteten i utdanningane gjennom tilsetningar, formell kompetanseheving og intern opplæring for fagtilsette. Styrking av pedagogisk basiskompetanse, e-læring og bruk av ikt i undervisninga skal ha særleg fokus.**

Studietvalet og Studentparlamentet har vore pådrivar for å styrke den pedagogiske kompetansen blant dei fagtilsette. Høgskulen ønskjer no å innføre krav til formell pedagogisk basiskompetanse ved tilsetjing i fagstillingar eller setje som vilkår at tilsette skaffar seg formell pedagogisk kompetanse innan ein frist. Høgskulen har årlege pedagogiske vidareutdanningstilbod til fagtilsette. Det er utarbeidd tre emneplanar med omfang 5 studiepoeng kvar, og lagt eit grunnlag for gjennomføring av tilbod kvart år.

Høgskulen har hatt ei arbeidgruppe som har greidd ut dei digitale utfordringane høgskulen står overfor. Arbeidsgruppa meiner den digitale kompetansen både i høgare utdanning generelt og ved HSF er for låg og lågare enn i vidaregåande skule. Dette fører med seg at høgskulane har problem med å møte dei forventningane særleg unge utdanningssøkande har. Innstillinga har gode innspel på kva som bør vera HSF sine ambisjonar når det gjeld digital kompetanse, og korleis dette kan oppnåast



På bakgrunn av innstillinga er det sett i gang eit prosjekt med sikte på å styrke kompetanse hos tilsette og studentar, vurdere behov for utstyr og opplæring, og ikkje minst sjå til at høgskulen sine studieplanane synleggjere tilstrekkeleg læringsutbytte innan digital kompetanse.

### **Styringsparameter 5**

#### **Høgskulen skal styrke kvaliteten i praksisopplæringa gjennom god samhandling med praksisfeltet for dei praksisbaserte utdanningane.**

Dei strukturelle endringane innanfor spesialisthelsetenesta i Sogn og Fjordane gir høgskulen si sjukepleiarutdanning både kvalitative og kvantitative utfordringar . På same måte gir Samhandlingsreforma utfordringar for samspelet med kommunehelsetenesta. Avdeling for helsefag har utarbeide meir spesifikke retningslinjer og forenkla søknadsprosedyren for bruk av samarbeidsmidlane.

Ein ny modell for praksis i sjukepleiarutdanninga har vore til utprøving. Det er laga eit framlegg til rolle- og arbeidsdeling i praksisfeltet med arbeidsinstruks og arbeidsdeling for lærer, kontaktsjukepleiar, leiar for sjukepleietenesta og studenten. Det er behov for sterkare og tydelegare fokus på informasjon og opplæring av praksisfeltet i form av vidareutdanningar, seminar og kurs som kan auke kompetansen for å arbeide og undervise kunnskapsbasert.

Lærerutdanningane har god kontakt og gode rutinar for samarbeid med praksisfeltet. Gjennom årlege konferansar for lærar- og barnehagepersonale har høgskulen hatt fokus på fagleg utvikling og kompetansebygging gjennom mange år. Vidareutdanning i rettleiing har rekruttert mange øvingslærarar.

Høgskulen har gjennom førskulelærerutdanninga deltatt i det nasjonale PIL-prosjektet (praksis som integrerande element i lærerutdanninga). Høgskulen har arbeidd med utvikling av ei meir praksisforankra førskulelærerutdanning. Prosjektet nærmar seg avslutninga, og kontakt og samarbeid med praksisfeltet har blitt monaleg utvikla gjennom prosjektet. Praksismøta på allmenn- og grunnskulelærerutdanningane har fått ny form etter erfaring frå PIL. Det same gjeld PPU. PIL-prosjektet har vist at praksisrettleiarordninga er viktig for å sikre at det blir gode samanhengar mellom det som skjer i faga og praksis.

Sosialarbeidarutdanningane har god kontakt med og har eit godt omdøme i praksisfeltet. Høgskulen arrangerer praksisførebuande seminar for rettleiarane i praksis. Praksisfeltet melder tilbake at dei er godt nøgde med studentane og at samarbeidet dei har med Høgskulen vert opplevd positivt. Det er arbeidd med formalisering av avtaler.

### **Styringsparameter 6**

#### **Høgskulen skal vurdere mentorordning og utvikle opplæringsprogram for nytilsette lærarar.**

Høgskulen har hatt ein gjennomgang av mottak og tilrettelegging for nytilsette. Det er ikkje aktuelt å innføre mentorordning for alle, men ei avdeling har sett i verk systematisk kollegaretleiing for lærarane. Opplæring for nytilsette har dette året blitt utvida frå ein til to dagar, med ein dag ved semesterstart om hausten og ein oppfølgingsdag ved starten av vårsemesteret.

### **Styringsparameter 7**

#### **Høgskulen skal utvikle biblioteket som god læringsarena med arbeidsplassar som imøtekjem ulike læringsbehov.**

Biblioteklokala har lite endringspotensial slik situasjonen er no. Biblioteket Førde har nye fine lokale med mange og ulike typar arbeidsplassar. I Sogndal ventar me på nybygg med nytt bibliotek/ læringssenter som skal stå ferdig sommaren 2012.

### **Styringsparameter 8**

**Høgskulen skal ha IKT-løysingar med god brukarfunksjonalitet, driftsstabilitet og sikkerheit som understøttar forskning og undervisning. Høgskulen har mål om Feide-godkjenning i 2010.**

Høgskulen gjekk over frå det studieadministrative systemet M-stas til FS (Felles studentsystem) i 2010. Omlegginga vart organisert som eit eige prosjekt. Kvalitetssikring av data og innføring av nye arbeidsrutinar har vore omfattande. Det er gjennomført opplæring av brukarar, og studentane har fått ny informasjonsportal.

Det er i 2010 gjennomført eit omfattande arbeid med omlegging og tilpassing av høgskulen sitt Brukar Administrative System (BAS). Det var fleire målsetjingar med arbeidet. Tilrettelegging for bytte av studiesystem frå MSTAS til FS, effektivisering av dataflyt mellom Personalsystemet SAP og BAS samt klargjering for Feide. Høgskulen vart etter søknad Feide-godkjent i 2010 og tilsette og studentar kan no nytte Feide-pålogging i aktuelle system.

### **Styringsparameter 9**

**I den årlege kandidatundersøkinga skal minst 75% av dei ferdige kandidatane gi uttrykk for at dei er godt nøgde med studieopphaldet ved HSF.**

Kandidatundersøkinga vert gjort årleg blant studentar som fullfører fleirårige studium. Om lag eit halvt år etter avslutta utdanning vert kandidatane stilt spørsmål om korleis dei vurderer studieopphaldet ved HSF med omsyn til studiekvalitet, yrkesrelevans, og korleis dei har opplevd overgangen til arbeid eller vidare studium. Samla sett var heile 95 % av kandidatane godt eller svært godt nøgde med studieopphaldet ved HSF, eit resultat som ligg langt over fjoråret, då 84 % meldte det same.

### **Styringsparameter 10**

**Høgskulen skal følgje opp Læringsmiljøundersøkinga, stø opp under Læringsmiljøutvalet sitt arbeid, og legge til rette for eit godt og inkluderande læringsmiljø for alle studentar.**

Sjå særskild rapportering.

### **Styringsparameter 11**

**Høgskulen skal gjennomføre brukarundersøkingar i samsvar med kvalitetssystemet vendt mot nye studentar og ferdige kandidatar. Neste læringsmiljøundersøking vert planlagt i 2011.**

Det vart gjennomført ei læringsmiljøundersøking som eit fagleg studentprosjekt hausten 2010. Undersøkinga var designa med tanke på å kunne gjere enkle samanlikningar med funna i førre undersøking. Undersøkinga vart gjort i tett samarbeid med Læringsmiljøutvalet, som og har tatt ansvar for vurdering og oppfølging av funna.

Høgskulen gjer ei årleg rekrutteringsundersøking blant alle nye studentar på grunnutdanningane. Svarprosenten er høg, og undersøkinga gir høgskulen nyttig kunnskap til bruk i rekruttering og mottak av nye studentar. Undersøkinga hausten 2010 hadde 565 respondentar og ein svarprosent på 72%.

Kandidatundersøkinga for 2009 hadde ein svarprosenten på 32%. Heile 91% av respondentane seier dei har trivst svært godt eller godt under studietida. 61% av respondentane vurderte kvaliteten på undervisninga som god eller svært god. 82 % meldte at dei var godt eller svært godt nøgde med den faglege kvaliteten. Resultata er betre enn førre året. Undersøkinga syner at 83 % av kandidatane er i jobb på heil- eller deltid, medan 26% studerer vidare.

### Verksemdsmål 1.3

**Høgskulen skal ha omfattande internasjonalt utdanningssamarbeid med høg kvalitet, som bidreg til auka utdanningskvalitet.**

#### Styringsparameter 1

**Tal utvekslingsstudentar over tre månader skal aukast til 100**

Styringsparameter	Resultat					Resultat-mål
	2006	2007	2008	2009	2010	2010
Utreisande studentar	35	34	32	41	38	45
Innreisande studentar	25	46	45	50	41	55
Totalt	60	80	77	91	79	100

Tal studentar som reiste ut i 2010 var noko lægre enn målalet. Dette skuldast dels manglande prioritering av ressursar i nokre fagmiljø, og dels personalmessige endringar. Arbeid med internasjonalisering har vore sårbart og kvilt på relativt få personar i høgskulen.

#### Styringsparameter 2

**Talet på framandspråklege studium eller emne skal aukast til 16**

Styringsparameter	Resultat					Resultat mål
	2006	2007	2008	2009	2010	2010
Tal framandspråklege studium eller emne	5	11	14	15	14	16

Høgskulen arbeidde med ein tydelegare struktur på dei engelskspråklege tilboda i 2010. Tilbodet omfatta i alt 11 semesterprogram på engelsk, og tre emne i sjukepleie for nordiske studentar. Dei engelske semesterprogramma var sett saman av emne på 10 – 15 studiepoeng. Samla tal emne er langt høgare enn målalet. Det vart utvikla eitt nytt 10 sp emne i Welfare History i 2010. Nokre økonomiemne vart ikkje vidareført som engelskspråklege tilbod.

### Styringsparameter 3

Tal studietilbud i samarbeid med utanlandske institusjonar skal vere 1

Resultatindikator	Resultat					Resultat mål
	2006	2007	2008	2009	2010	2010
Studietilbud i samarbeid med utanlandske institusjonar	0	0	0	1	1	1

Høgskulen samarbeider med Institutt for Skov og landskap ved Københavns Universitet og Sveriges landbruksuniversitet om master i Landskapsplanlegging. Grunna svak rekruttering vart studiet ikkje starta opp i 2010. I forståing med samarbeidspartnarane vert studieplanen lagt noko om, og planen er å lyse studiet ut med sikte på oppstart hausten 2012.

### Styringsparameter 4

Mobiliteten skal vere 40 for fagleg tilsette og 5 for administrativt tilsette

Styringsparameter	Resultat					Resultat mål
	2006	2007	2008	2009	2010	2010
Utreisande	-	30	30	20	17	25
Innreisande	-	12	10	14	7	20
Total		42	40	34	24	45

Resultatmålet for fagleg- og tilsettmobilitet var berekna ut frå krav til ei opphald på minimum ei veke hos samarbeidspartnar i utlandet. Resultatet vart langt svakare enn målsetjinga. Grunnane er i hovudsak manglande prioritering og tilrettelegging for mobilitet. Fagtilsette har ein travel kvardag, og ser internasjonalisering som ei oppgåve som kjem i tillegg til alt anna arbeid. Enderingar i personalsituasjonen og manglande prioritering av ressursar har ført til nedgang i fagleg mobilitet.

### Styringsparameter 5

**Alle bachelorstudentar skal ha tilbod om å ta ein del av utdanninga ved ein samarbeidsinstitusjon i utlandet.**

Det er lagt til rette for delstudium i utlandet i studieplanane og gjennom avtalar for dei aller fleste studieprogramma. Av og til er det ikkje samsvar mellom kvar studentane ønskjer å reise, og dei avtalane høgskulen har. Det er og varierende kor god informasjon studentane får, og i kva grad dei vert motiverte til eit studieopphald i utlandet. Nokre fagmiljø ønskjer ikkje å prioritere arbeid med studentmobilitet, dels av faglege, dels av ressursmessige grunnar.

### Styringsparameter 6

**Alle bachelorstudium skal ha tilbod om emne i utdanninga som kan takast av utanlandske studentar.**

Målet har vore å stø opp om betre integrasjon mellom gjestestudentar og ordinære studentar ved felles undervisning. Det kan og vere god ressursutnytting når talet gjestestudentar er

relativt lågt. Dette har vore vellukka for eit par utdanningar der engelskspråklege semesterprogram er integrert i ordinære bachelorgrader. I andre fagmiljø har høgskulen ikkje lukkast med denne strategien. Mange av dei norske studentane har vore negative til undervisning på engelsk, og det har vore vanskar med å få til god fagleg progresjon for gjestestudentar.

### **Styringsparameter 7**

#### **Høgskulen vil stimulere til auka fagleg samarbeid med utanlandske lærestader og utvekslingsopphald for tilsette.**

Dette året har det internasjonale faglege samarbeidet blitt vidareført på om lag same nivå som tidlegare. Høgskulen har gått gjennom avtaleporteføljen. Nokre avtalar er avslutta, og nokre nye har kome til. Det har i nokon grad vore fokusert på ønsket om å styrke internasjonalt perspektiv og samhandling innan høgskulen sitt fou-arbeid.

### **Styringsparameter 8**

#### **Internasjonalisering heime skal vere eit satsingsområde gjennom fagleg tilrettelegging og arbeid for eit aktivt internasjonalt studentmiljø.**

Det har vore arbeidd med å auka forståing for at internasjonalisering gjeld alle studentar og tilsette. Ikkje alle kan eller vil reisa ut, difor vert det arbeidd med å synleggjere internasjonalt perspektiv i studieplanane, og å utvikle møteplassar mellom internasjonale og campus-studentar. Det same gjeld møte med internasjonale forskarar og gjestelærarar. Ein avdeling har arrangert ein internasjonal fagdag, og internasjonale studiegrupper har vore gode samhandlingsplassar mellom norske og internasjonale studentar på fleire studium.

Høgskulen har styrka arbeidet gjennom å engasjere ein internasjonal miljøkoordinator og styrke ordninga med student- buddies i Sogndal og Førde. Det vert og planlagt ein eigen internasjonal møteplass i det nye sentralbygget. Erfaringsutveksling, internasjonal studentkveld og studentbaserte turgrupper har styrka integrasjon og kontakt mellom internasjonale og campus-studentar. Zambiske kvotestudentar har vore utfordrande og berikande for studiemiljøet på campus både i Sogndal og Førde.

### **Styringsparameter 9**

#### **Det skal utarbeidast studiepresentasjonar på engelsk for bachelor- og masterstudium som ikkje har ein fullstendig studieplan på engelsk.**

Dette målet er ikkje nådd. Fleire avdelingar har revidert studieplanane på engelsk, men samla sett manglar høgskulen framleis engelskspråkleg informasjon om mange gradsstudium.

### **Styringsparameter 10**

#### **Høgskulen skal vurdere å søkje om 15 kvoteplassar for dei neste åra med sikte på opptak av studentar frå samarbeidsinstitusjonar i Zambia.**

Det vart gjort ei grundig evaluering av høgskulen sine erfaringar med kvotestudentar, med særleg vekt på samarbeidet høgskulen har hatt med ulike institusjonar i Zambia og dei studieprogramma høgskulen har utvikla for å ta imot kvotestudentar frå desse samarbeidsinstitusjonane. Eit element i denne evalueringa var og høgskulen sitt ønskje om vidare samarbeid med institusjonar i Zambia om mottak av norske studentar frå høgskulen sine profesjonsutdanningar. På bakgrunn av evalueringa søkte høgskulen om, og fekk tildelt 15 kvoteplassar primært for studentar frå Sør for dei komande åra.

## **Styringsparameter 11**

### **Høgskulen skal delta i arbeid med UH-Nett Vest om internasjonalisering.**

Høgskulen har vore aktiv deltakar i den administrative internasjonale arbeidsgruppa under UH-nett Vest. Høgskulen er engasjert i samarbeidet om ein felles stand under EAIE-konferansen som skal vere i København i september 2011. Samarbeidet har gitt informasjon og betre grunnlag for samarbeid om mottak av internasjonalt administrativt personale, og betre kunnskap om korleis institusjonane jobbar med internasjonalisering.

## **Styringsparameter 12**

### **Internasjonal rekruttering og profilering skal ha høg prioritet gjennom oppdatert informasjon på vev, presentasjonar og skriftleg materiell.**

Høgskulen har hatt ein grundig gjennomgang av dei engelskspråklege vevsidene. Hovudsatsinga har vore å kvalitetssikre all informasjon om søking og opptak, og oppdatere studieplanar og emneomtalar for dei engelskspråklege semesterprogramma høgskulen tilbaud i 2010.

Særskild rapportering i forhold til sektormål 1

Vurdering av internt system for kvalitetssikring

Studieutvalet har starta ein prosess for evaluering og vidare utvikling av høgskulen sitt kvalitetssystem. Leiargruppa har gjennomført ei første evaluering. Systemet har god oppslutning i høgskulen, og rapportar og evalueringar vert nytta i arbeid med å utvikle studia. Men det har kome fram ønskje om ei viss forenkling. Mellom anna vert det vurdert å innføre større fleksibilitet ved studentevaluering av undervisninga.

Høgskulen har i samarbeid med studentparlamentet gjennomført eit utvida program for opplæring av studenttillitsvalde.

Høgskulen er i slutføringa av ein omorganiseringsprosess. Styret har vedtatt ei ny organisering med fire avdelingar og institutt med åremålstilsette leiarar. Kvalitetssystemet må tilpassast desse nye rammene.

Oppfølging av NOKUT-evalueringar

Lærarutdanninga

Lærarutdanninga har følgd opp NOKUT-evalueringa frå 2006 i ein plan med fire hovudpunkt.

*Punkt ein* har som mål å betra omdømme for lærarutdanninga. Her vart det sett i verk eit omdømmeprojekt som går etter planen.

*Punkt to* var å bruke kvalitetssikringssystemet og arbeide systematisk med utdanningskvalitet. Det vert gjennomført systematiske intervju med studentar som sluttar for å kartlegge eventuell systemsvikt. Det er innført obligatorisk frammøte til undervisninga. Lærarutdanningane har scora høgt på læringsmiljøundersøkingane. Emneevalueringar vert følgd opp med fagutvalsmøte.

*Punkt tre* var å tydeleggjera lærarutdanninga som ei heilskapeleg profesjonsutdanning. Trekanten høgskule – praksisskule – student står sentralt i denne heilskapstenkinga. Det er utvikla nye møteplassar gjennom studieåret der samanhengen mellom teori og praksis blir teken opp og drøfta. Fagdidaktikk står sentralt i grunnskulelærarutdanningane, og dette elementet gjennomsyrrer no faga på ein kvalitativt god måte.

*Punkt fire* gjeld samarbeidet med praksisfeltet for å sikra god samheng mellom FoU-aktivitetane og utviklingsarbeidet i praksisfeltet. Tre forskingsgrupper er på plass og i arbeid. Fleire tilsette har kvalifisert seg til opprykk, tatt vitskapskurs og skrive artiklar i tilknytning til dette. Utdanningsdirektoratet si store satsing "Frå ord til handling" hadde si siste samling

hausten 2010. "Snu Sogn"-prosjektet for Midtre og Indre Sogn er eit godt døme på fruktbart samvirke mellom høgskulen og praksisfeltet.

### **Førskulelærerutdanninga**

Rapporten ligg som eige vedlegg med oppfølgingsplan for evaluering av førskulelærerutdanninga.

### **Ingeniørutdanninga**

Rapporten ligg som eige vedlegg med oppfølgingsplan for evaluering av ingeniørutdanninga.

### **Strategi for arbeidet med internasjonalisering**

Internasjonalisering av utdanningane er eit krevjande utviklingsarbeid som tek tid. Høgskulen utarbeider ein årleg handlingsplan som byggjer på plandelen i rapport og planar for det aktuelle året. Dette studieåret vart det arbeidd med å kvalitetssikre og utvikle dei avtalane og studieprogramma vi hadde. Det vart gjort ei evaluering av arbeid med kvotestudentar som førte til at høgskulen søkte og fekk tildelt nye kvoteplassar for dei komande åra. Internasjonalisering heime hadde fokus gjennom revisjon av studieplanar og tilrettelegging for internasjonale studentar. Ein miljøkoordinator var engasjert og gjorde ein viktig innsats for å gi dei internasjonale studentane eit godt studieopphald ved HSF.

Rektor oppnemnte i 2010 eit utval som skal utarbeide meir langsiktige strategiar for høgskulen sitt arbeid med internasjonalisering.

### **Tilrettelegging for studentar med nedsett funksjonsevne**

Høgskulen har eigen kontaktperson for studentar med nedsett funksjonsevne. Det er utarbeidd ein eigen handlingsplan som læringsmiljøutvalet har til revisjon annankvart år. Det vert arbeidd for å få til god universell utforming i det nye sentralbygget. Tilrettelegging for studentar med funksjonshemmingar vert elles gjort på individuelt grunnlag. Det er gode rutinar for tilrettelagt eksamen ved bruk av utvida tid og bruk av PC for studentar med dokumenterte lese- og skrivevanskar.

### **Arbeidet med læringsmiljø**

Høgskulen har fokus på læringsmiljøet og vurderer fornøgdde studentar som formidlar eit positivt inntrykk av høgskulen som svært viktige faktorar i omdømebygginga.

Høgskulen sitt læringsmiljøutval har fungert tilfredsstillande i 2010. Leiinga av Læringsmiljøutvalet går på omgang mellom student og leiing og er for tida leia av ein student. Utvalet har ei ressursgruppe rundt seg med representantar frå it, bibliotek, bygg, AMU, SISOF og studieadministrasjonen. Studentane har vore flinke til å bruke utvalet på saker som vedkjem læringsmiljøet.

Både det fysiske og psykososiale læringsmiljøet vart undersøkt gjennom læringsmiljøundersøkinga våren 2009. Studentane ga jamt over gode tilbakemeldingar på det samla læringsmiljøet. Avdelingar og støtteiningar har rapportert tilbake til læringsmiljøutvalet om kva som var gjort som oppfølging av undersøkinga. Nokre tiltak er gjennomført, andre vart utsett i påvente av nye løysingar etter innflytting i sentralbygget. Nokre tiltak føreset samhandling mellom høgskulen og Statsbygg. Utvalet var nøgd med prosessen og måten dei ulike einingane greip fatt i viktige funn i rapporten.

Hausten 2010 vart det gjennomført ei ny læringsmiljøundersøking med utgangspunkt i høgskulen sine ulike bygg. Resultatet av undersøkinga blir presentert på ein konferanse i mars 2011, der tillitsvalde studentar møter studieleiarar og anna nøkkelpersonell i høgskulen for å

drøfta studiekvalitet og læringsmiljøspørsmål. I 2010 har LMU elles vore særleg engasjert i arbeidet med nytt sentralbygg i Sogndal.



## Sektormål 2

---

### Universitet og høgskular skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.

#### Innleiing/vurdering

##### God vekst i publikasjonspoenga

Fou-verksemnda ved HSF er inne i ei positiv utvikling. I 2010 har dette gitt særleg gitt seg utslag i ein betydeleg auke i publikasjonspoenga. Auken som starta i 2009 har halde fram. På to år har vi meir enn dobla publikasjonspoenga våre. Det har vore ei positiv utvikling både i etablerte fagmiljø og i framveksande fagmiljø, m.a. innanfor helse og idrett. Vi registrerer òg at dei som nettopp har disputert for doktorgraden, held fram med å produsere artklar i refereevurderte publiseringskanalar.

##### Doktorgradsgjennomstrøyming

Vi er òg inne i ei god utvikling når det gjeld gjennomstrøyming av doktorgradskandidatar. I 2010 hadde vi tre tilsette som disputerte for doktorgraden. Så langt i 2011 har éin kandidat disputert, og fire avhandlingar er leverte inn for vurdering. Fleire enn før gjer seg ferdige med doktorgradsarbeidet på normert tid. Samtidig har rekrutteringssitasjonen betra seg, slik at vi i fleire fag enn før rekrutterer personale med ferdig eller nesten ferdig doktorgrad. M.a. gjeld dette innanfor idrettsfag og dei fleste naturfaga. Men også profesjonsutdanningane har rekrutteringa betra seg siste åra.

##### NFR-midlar

Utviklinga av løyvingane frå Norges forskingsråd har siste åra vist ei negativ utvikling. I 2010 hadde vi NFR-løyving berre til eitt større prosjekt; det gjeld SHP-prosjektet "Lokal velferdsleiing". Men i desember fekk vi tilslag på eit forholdsvis stort prosjekt i programmet "Miljø 2015", saman med Norsk hjortesenter på Svanøy. Saman med fleire andre partnerar er òg med i eit større prosjekt i restaureringsøkologi, som vart støtta av det same NFR-programmet.

##### Regionalt forskingsfond

Vi engasjerte oss i arbeidet med Regionalt forskingsfond for Vestlandet. Forskarar frå fleire fagmiljø deltok aktiv på fleire informasjonsmøte, og vi hadde ein god dialog både med fylkeskommunen og sekretariatet i Bergen. Vi sende inn to hovudsøknader og tre forprosjektsøknader. Vi fekk tilslag på éin hovudprosjektsøknad. Det er eit prosjekt som skal studere bruk av IKT som verkemiddel i arbeidet med å integrere innvandrarar. Kommunenes Sentralforbund, fleire kommunar i fylket, fylkesmannen, fylkeskommunen, IMDI og NAV stiller opp med midlar og eigeninnsats. Det er eit fellesprosjekt med Vestlandsforskning, som også administrerer prosjektet. Men prosjektet vert leia av ein IKT-forskar ved høgskulen. Det vil verte sendt inn nye søknader til RFF-Vestlandet i 2011.

## **Internasjonalt samarbeid**

Høgskulen skipa til eit informasjonsseminar om EU-forskning våren 2010. Dette skjedde i samarbeid med EU-kontoret til NFR, som stilte med 5-6 personar på seminaret. Førebels har dette ikkje gjeve seg resultat i vi har kome med i EU-finansierte forskingsprosjekt. Mange kvir seg for å gi seg i kast med EU-søknader. Men vi er sjølvsagt opne for å vere med som partnerar i EU-prosjekt. I veksande grad legg no fleire av stipendiatane våre inn eit opphald ved eit utanlandsk universitet som del av forskaropplæringa. Vi ser positivt på dette, og løyver midlar til å dekkje meirutgiftene ved eit slikt opphald. Talet på andre tilsette som har lengre forskingsopphald i utlandet, er lågt. Men eit aukande tal fagleg tilsette samarbeider med og skriv artiklar saman med fagfolk frå andre land.

## **Fornybar energi**

Høgskulen saman med Vestlandsforskning vidareutvikla i 2010 samarbeidet kring satsinga på forskning (og utdanning) innan fornybar energi. Forskingsprogrammet vi har etablert på dette feltet i samarbeid med energiselskapa i fylket, fekk i haust ei løyving på inntil 8,2 mill. kroner over fire år Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora (INU). Midlane skal gå til å tilsetje to stipendiatar (innovasjon, energimarknader), ein professor II, styrkje samhandlinga med næringslivet og greie ut eit masterstudium i fornybar energi. Bachelorstudiet starta opp h-2010 med 27 studentar. Vi er elles partner i forskingsnettverket CenSES som i februar 2011 var peikt ut av NFR som det eine av tre nasjonale sentra for fornybar energi. Satsinga vår på å bygge opp eksternt finansiert forskning på fornybar energi har såleis vore svært vellykka. Det er også under utvikling eit spennande samarbeid mellom fagmiljøa i fornybar energi og kulturlandskap og geologi.

## **Strategisk satsing gir resultat**

Publiseringsaktiviteten vår har siste to åra særleg auka innanfor helsefag, idrett og naturfag. På dei to førstnemnde områda er dette resultatet av eit langsiktig kompetanseoppbyggjande arbeid. Innanfor helsefag har eit etablert Senter for helseforskning saman med Helse Førde. Her ber særleg satsinga på forskning om overvekt frukter i form av gode fagmiljø, nettverksarbeid, publikasjonar og forskingsprosjekt. Helsefag har no òg fått sine to første doktorgrader. Når det gjeld idrett, har vi sidan 2004 hatt ei ekstra løyving frå fylkeskommunen til kompetanseoppbygging. Dette har vore eit langsiktig strategisk arbeid. No kjem publikasjonane, doktorgradene og forskingsprosjekta også her. Det er òg utvikla eit fagleg samarbeid med helsefag skjeringsfeltet mellom overvekt, livsstil og fysisk aktivitet. Innanfor naturfaga har vi lenge hatt god forskingskompetanse, som no har blitt supplert med nyrekruttere fagfolk og med eigne folk som har teke doktorgraden. Publikasjonane og dei eksternt finansierte forskingsprosjekta aukar.

Det som er nemnt ovanfor, er eit resultat av langvarig medviten og strategisk satsing, som så langt har vore vellykka. Arbeidet med å vurdere ei spissing av forskingsinnsatsen ved å velje ut 1-3 forskingsmiljø som skal på spisskompetansmidlar frå institusjonen, vil verte sett i gang når ei nyorganisering kjem i stand etter at OU-prosessen ved høgskulen er avslutta.

## Verksemdsmål 2.1

**Universitet og høgskular skal gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid tilby forskarutdanning av høg kvalitet. Forskarutdanninga skal vere innretta og dimensjonert for å ivareta behova i sektoren og samfunnet elles.**

### Styringsparameter 1

**Publikasjonspoeng per stilling skal vere minst like høg i 2010 som i 2009. NFR-midlar og EU-midlar per stilling i 2010 skal aukast frå 2009.**

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål	Måltal
	2007	2008	2009	2010	2010	2011
Publikasjonspoeng per stilling	0,16	0,12	0,19	0,24	0,22	0,26
(Publikasjonspoeng i alt)	28,8	20,6	34,9	45,0	40	50
NFR-tildeling per stilling (kroner)	27.447	18.958	17.011	10.300	22.000	20.000
NFR-løyving i alt (1000 kroner)			3.079	1.751	3.750	3.400
EU-tildeling per stilling (kroner)	2.630	923	3.033	0	3.500	0
Andre styringsparameter						

*(Publikasjonspoeng for 2010 er førebels tal)*

Dei førebels tala tyder på at vi har hatt ein gledeleg vekst i talet på publikasjonspoeng i 2010. Vi ligg òg godt over måлтаlet. Talet på publikasjonar og talet på forfattarar med teljande publikasjonar har òg auka betydeleg. Veksten er særleg stor innanfor helsefag, idrettsfag og naturfag. Det vert eit stor utfordring å halde oppe dei gode publiseringstala. Det er naturleg å sjå veksten i publisering i samanheng med tiltaksplanen for vitskapleg publisering, som vart sett i verk i 2009. Det har òg vore høg fokus på publisering i heile organisasjonen.

Når det gjeld nedgangen i NFR-tildelingan viser vi til merknader i innleiinga ovanfor.

### Styringsparameter 2

**Høgskulen skal leggje til rette for auka publisering gjennom kurs i akademisk artikkelskriving, ved å leggje vekt på fou-kompetanse ved utlysing og tilsetjing, tildeling av fou-tid og belønning av dei som publiserer.**

Høgskulen skipa i 2010 til to kurs i akademisk skriving, det eine saman med Helse Førde. Kursa har vore gode og motiverande for dei som har delteke. Vi har òg lagt vekt på å omtale vitskaplege publiseringar på heimesidene våre, og på å halde høg merksemd kring publisering. Vi legg høgare vekt på fou-kompetanse ved tilsetjingar no enn før. På nokre fagområde har òg rekrutteringssituasjonen betra seg ganske mykje. Tildeling av fou-tid skjer etter søknad ved alle avdelingar og på grunnlag av rapportering og resultat. Vi har ikkje utvikla særskilte belønningar for dei som publiserer vitskapleg, utover Høgskulens fou-pris.

### **Styringsparameter 3**

**Høgskulen skal utvikle betre rettleiings- og støttetjenester for doktorgradsstudentar og forskarar, inkludert tenester som prosjektstyring, it-støtte, bibliotektenester og mentorordningar.**

Høgskulens fou-utval har i 2010 utvikla ein handlingsplan for støttesystem for fou. Planen inneheld beskrivelse, status og tiltak innanfor støtteområde som bibliotek, ikt- og pcstøtte, prosjektrekneskap, språkvask, publisering, meldeplikt osv. Det er laga ein særskilt plan som omhandlar støttesystem for stipendiatane. Iverksetjinga av planen har vore ein del av arbeidet med OU-prosessen ved høgskulen.

### **Styringsparameter 4**

**HSF skal utarbeide eller vere part i fleire søknader til Norges forskingsråd, og oppnå tilslag på minst éin søknad.**

HSF har vore part i fleire NFR-søknader i 2010. Vi har fått tilslag på tre søknader. To av desse er innanfor programmet Miljø 2015 og eitt innanfor Regionalt forskingsfond Vestlandet.

### **Styringsparameter 5**

**Høgskulen skal starte arbeidet med å utvikle søknader om internasjonale fou-midlar i samarbeid med utanlandske institusjonar, med særleg vekt på søknader om EU-midlar.**

Vi skipa i april til eit seminar om EU-finansiert forskning, med vekt på det 7. rammeprogrammet. Seminaret vart laga til i godt samarbeid med NFR sitt EU-kontor, og hadde og deltakarar frå høgskulens samarbeidspartar i lokalt næringsliv og offentleg forvaltning. Vi har teke spørsmålet om samarbeid om EU-søknader og assistanse til det opp i UH-nett Vest. Alle institusjonane er i utgangspunktet positive til eit samarbeid.

### **Styringsparameter 6**

**Høgskulen skal starte arbeidet med å revidere satsingsområda for fou med særleg vekt på å drøfte fagleg konsentrasjon av fou-satsinga.**

Høgskulens fou-utvalet har tilrådd ei spissing av fou-satsinga til høgskulen. Utvalet rår til at det vert peika ut 1-3 spissområde som skal få ei særleg årleg løyving frå institusjonsnivået over fire år. Ein mogleg prosess kring dette er utsett til høgskulens nye organisasjonsmodell er på plass etter 1.8.2011.

### **Styringsparameter 7**

**Høgskulen skal gje tilgang til fleire elektroniske informasjonsskjelder og elektroniske tidsskrift, gjerne i samarbeid med UH-nett Vest.**

Dette arbeidet er sett i gang i regi av UH-nett Vest.

## **Vurdering av måloppnåing, verksemdsområde 2.1**

Høgskulen hadde i 2010 ein betydeleg auke i den vitenskaplege publiseringa. Vi er godt nøgde med dette. Vi ser dette i samanheng med tiltak som er sette i gang, fleire ferdige doktorgradskandidatar (mange av desse er viktige bidragsytarar i publiseringa), og ei generell høg merksemd i organisasjonen kring vitenskapleg publisering. Vi har i 2010 teke eit lite steg i retning av å nærme oss ei realisering av strategiplanens mål om å vere blant dei høgskulane som publiserer mest per fagstilling.

Vi har òg fått tilslag på nye søknader i NFR-systemet, og vi har lykkast godt med å få solid ekstern finansiering, inklusive NFR, av fellessatsinga vår med Vestlandforskning på forskning om fornybar energi.

Vi har sett i gang arbeid med å betre og koordinere støttesystema for fou. Arbeidet med mogleg konsentrasjon av fou-spissområde er sett litt på vent pga OU-prosessen.

## Verksemdsmål 2.4

Dei statlege høgskulane har eit særskilt ansvar for profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionane. Samtidig skal dei statlege høgskulane innrette forskingsinnsatsen sin slik at dei oppnår resultat av høg internasjonal kvalitet innan fagområde dei tildeler doktorgrad, og samarbeide nasjonalt og internasjonalt om forskning og utviklingsarbeid.

### Styringsparameter 1

**Talet på avlagte doktorgrader skal vere minst fire, og to av dei skal ha opptak fem år eller mindre før disputas**

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål	Måltal
	2007	2008	2009	2010	2010	2011
Talet på uteksaminerte dr.gradskandidatar per vitenskapleg årsverk	0,023	0,018	0,018	0,018	0,0028	0,023
Uteksaminerte kandidatar	4	3	3	3	5	4
Andel uteksaminerte dr.gradskandidatar av opptekne personar på dr.gradsutdanning fem år tidlegare	-	-	-	33 pst	50 pst.	50 pst

Tre av våre eigne kandidatar disputerte for doktorgraden i 2010. I tillegg disputerte ein kandidat som er tilsett hos oss, men som tok doktorgradsutdanninga si mens ho var tilsett ved ein annan institusjon. Per 18.2. 2011 har éin kandidat alt disputert, og fire andre har levert avhandlinga for vurdering. I 2010 vart den første doktorgraden fullført ved Avdeling for helsefag. Det kjem to til her i 2011, den eine har alt disputert.

Tabell 2.1 Nye doktorgradsavtalar, heile 2010

Studium	Finansiert over institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Noregs forskingsråd		Finansiert over andre kjelder	
	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner
Idrettsfag	1,5	0,5			0,5	0,5
Medisinse fag	1	1				
<b>Totalt</b>	<b>2,5</b>	<b>1,5</b>			<b>0,5</b>	<b>0,5</b>

Det vart i 2010 inngått i alt tre nye doktorgradsavtalar. To av desse gjeld stillingar tildelte av KD. Den tredje er stilling som vert finansiert med 50 pst. kvar av HSF og Norges Idrettshøgskole. I nokre fag, særleg økonomifag, har det vore vanskeleg å skaffe kvalifiserte søkjarar til utlyste stipendiatstillingar. Nokre stillingar utlyste i 2010, er framleis under tilsetjing.

Tabell 2.2 *Samtlege doktorgradsavtalar, haust 2010*

Studium	Finansiert over institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Noregs forskingsråd		Finansiert over andre kjelder		I alt
	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	
Allmennlærer/ped	5,5	3,5	0,5	0,5			6
Helsefag	4	3					4
Økonomiske fag	1						1
Sosialfag	2	2					2
Samfunnsvitsk. fag	3	1			1	1	4
Idrettsfag	2,5	0,5			0,5	0,5	3
Mat/nat-fag	1						1
Medisinske fag	0,5		0,5				1
Humanistiske fag	1						1
<b>Totalt</b>	<b>20,5</b>	<b>10</b>	<b>1</b>	<b>0,5</b>	<b>1,5</b>	<b>1,5</b>	<b>23</b>

Vi har no i alt 23 registrerte doktorgradsavtalar. 12 av dei 23 er kvinner. Dei siste åra er det mange kvinner som har disputert hos oss. Tre dr.gradsavtalar er eldre enn fem år. To av desse har levert avhandling for vurdering.

Tabell 2.3 *Avlagde doktorgrader i 2010*

Studium	Finansiert over institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Noregs forskingsråd		Finansiert over andre kjelder	
	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner
Idrettsfag	1					
Allmennlærer/ped	1					
Helsefag/ped	1	1				
<b>Totalt</b>	<b>3</b>	<b>1</b>				

Dei tre tilsette som disputerte i 2010, var knytte til idrettsutdanning, lærarutdanning og sjukepleiarutdanninga.

## **Styringsparameter 2**

### **Talet på opprykk til førstelektor skal være minst to**

Det vart gitt eit opprykk i 2010 (i idrettsfag). Ein søknad om opprykk frå 2010, var innvilga i januar 2011 (pedagogikk). Vi har utvikla ei ordning med førstelektorstipend, finansiert av institusjonsnivå og avdelingane i fellesskap. Mange tilsette ved helsefag og lærarutdanningane er inne eit strukturert utviklingsløp for førstelektor.

## **Styringsparameter 3**

### **Talet på nye doktorgradsavtalar skal være minst fire.**

Det vart gjort tre nye doktorgradsavtalar i 2010. Vi lyste ut seks stipendiatstillingar våren 2010. Det er tilsett personar i desse, men berre i to av stillingane har det kome personar i arbeid.

## **Styringsparameter 4**

### **Talet på tilsette som går inn i strukturerte førstelektorløp, skal være minst fire**

På Avdeling for lærarutdanning og idrett og Avdeling for helsefag er vel 10 personar inne i strukturerte førstelektorløp. Dei to som fekk opprykk i 2010 og jan. 2011 var ikkje inne i slike løp.

## **Styringsparameter 5**

### **Som støtte i arbeidet med førstelektorløp skal HSF utvikle ei rettleiing for dokumentasjon av pedagogisk og anna utviklingsarbeid**

Det har vore arbeidd litt med dette Høgskulens førstelektorforum, m.a. gjeld det spørsmåla kring kva for krav som vert sett til slik arbeid og korleis dei som arbeider med opprykk skal innpasse dette i "kappa" dei skal skrive som overbygning over det arbeidet dei vil ha vurdert.

## **Styringsparameter 6**

### **Høgskulen skal medverke til utviklingsarbeid og kompetanseheving i regionen, med særleg vekt på dei store offentlege profesjonssektorane.**

Høgskulen har eit omfattande samarbeid og mange utviklingsprosjekt i lag med skuleverket i kommunane i fylket. Vi driv òg omfattande utdanningsverksemd over heile fylket. I 2010 hadde vi 3,6 mill. kroner frå Utdanningsdirektoratet til m.a. ei mentorutdanning for nye lærarar, utdanning (nasjonal) i rettleiing og entreprenørskap og engelsk vidareutdanning. Vi er medskipar årleg til Sogn og Fjordane lærarstemna og Barnehagekonferansen. Vi driv òg omfattande etterutdanning og kursverksemd overfor den kommunale helsetenesta i fylket.

## **Styringsparameter 7**

### **Høgskulen skal følgje opp tiltak for studentaktiv forskning og studentmedverknad i forskning i samarbeid med Studentparlamentet**

Dette har vi ikkje følgt opp. Realisering av ambisjonane våre på dette feltet er i stor grad avhengig av i kva grad vi har studentar som er spesielt engasjerte i dette arbeidet.

## **Vurdering av måloppnåing, verksemdsområde 2.4**

Vi er godt nøgde med gjennomstrøyminga av doktorgradsstudentane våre. Talet på kandidatar som disputerer har vore 3-4 dei siste åra. Vi har òg vore offensive når det gjeld å tilsetje stipendiatar. Vi lyste ut seks stillingar i 2010 og vil lyse ut tre nye i 2011. Ingen av åra har KD tildelt oss nye stillingar. Det tek forholdsvis lang tid å få tilsett stipendiatar i nokre fag, og nokre brukar framleis ein del tid før dei vert tekne opp på relevant doktorgradsstudium. Vi vil drøfte dette innanfor UH-nett Vest.

Vi registrerer òg at yngre kandidatar som er ferdig med doktorgraden gjerne vil halde fram med postdoktorarbeid. Det er ei ulempe for oss at vi ikkje kan tilby slike stillingar. Vi er likevel innstilte på å bruke interne midlar til kvalifiseringsarbeid for dyktige fagfolk som ønskjer å gå vidare frå doktorgraden til å kvalifisere seg for ei fagleg toppstilling.

Når det gjeld førstelektorkvalifisering, har vi i 2009-2011 sett inn godt med ressursar til dette. Vi reknar med at talet på tilsette som søkjer om opprykk, og får opprykk, vil auke dei nærmaste åra. Vi vil uansett sjå nærmare på erfaringane med bruken av desse ressursane. Nokre av dei erfarne førstelektorane våre har siste åra søkt om opprykk til dosent. Vi har på den måten fått tre dosentar. Vi brukar òg litt midlar for flinke førstelektorar som vil kvalifisere seg til opprykk til dosentstilling.



## Sektormål 3

---

**Universitet og høgskular skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultata. Universitet og høgskular skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.**

### Innleiing/vurdering

#### Entreprenørskap

Høgskulen i Sogn og Fjordane har lenge arbeidd medvite med entreprenørskap. Til grunn for arbeidet ligg ein særleg innsats av engasjert fagpersonale. Hos oss er dette arbeidet knytt til lærarutdanninga. Arbeidet vårt har sitt grunnlag i REAL ("Rural Entrepreneurship through action learning"), eit amerikansk erfaringsbasert og elevaktivt pedagogisk verkty i entreprenørskap, som Høgskulen i Sogn og Fjordane har omsett og tilpassa norske forhold i samarbeid med skular og barnehagar. Vi har utvikla materiale for barnehage, grunnskule og høgskule/universitet og lokalsamfunn. Vi har inkludert entreprenørskap og REAL i grunnopplæringa i allmennlærerutdanninga og PPU, og tilbyr fleire vidareutdanningstilbod i rettleiing og entreprenørskap. Vi har òg utvikla eit treårig studium i handverk og design med vekt på entreprenørskap, som vi arbeider med å få eksternt finansiert. Eit studietilbod i "Samfunnsfag med vekt på digital formidling og entreprenørskap" vart sett i gang hausten 2010 med 18 deltakarar frå kulturliv, media, skule og landbruk.

Høgskulen har dei siste åra utvikla nært samarbeid med ulike internasjonale aktørar når det gjeld entreprenørskap. Først og fremst gjeld dette Georgia REAL og Dr. Paul DeLargy, som er grunnleggaren av REAL. Han har gjeve oss rettar til omsetjing og bruk av REAL-materialet på alle nivå. Det er utvikla samarbeid med Kalundborg kommune på Sjælland, og utdanningsministeriet i Skotland. Det er òg sett i gang arbeid med å utvikle studentbedrifter ved høgskulen knytt til idrettsstudiet og ingeniørstudiet. To barnehagar i fylket er òg med i ei entreprenørskapssatsing saman med høgskulen. I samarbeid med Innovasjon Noreg har vi utvikla to kurs for gründerar; Fjord Innovasjon og Alkymisten. Vi har dei seinare åra hatt eit tett samarbeid med praksisfeltet i utprøving og utvikling av entreprenørskap og REAL. Samarbeidet med Ungt entreprenørskap i fylket har vore eit bærande element i dette arbeidet.

#### Formidling

Høgskulen har i 2010 vore med i traineeprogrammet til organisasjonen Framtidsfylket AS, som på ulike måtar arbeider med profilering av fylket vårt. Ei eiga traineordning for bedrifter og institusjonar i Sogn og Fjordane er ein viktig del av dette. Vi deltok i fellesutlysinga av traineestillingar våren 2010, og søkte etter ein trainee med forskingsformidling og kommunikasjon som arbeidsområde. Vi fekk 20 søkjarar. Frå 1.8. 2010 styrkte vi formidlingsarbeidet vårt med ei traineestilling. Vi har i løpet av denne tida vorte betydeleg flinkare med informasjon om pågåande forskning, nye forskingsprosjekt og viktige publiseringar, og å drive rettleiing og hjelp med formidling kring dette. Vi hadde òg eit godt samarbeid med lokalavisene Firda og Sogn Avis under Forskingsdagane 2010. Dagane vart elles markerte gjennom seminar og utstillingar. Avdelingane våre i Førde var mest fram på.

Vi har òg lagt vekt på kronikkskriving. Tilsette ved høgskulen skreiv eit 30-tals kronikkar i 2010, i både lokale, regionale og nasjonale aviser. Forskingsprogrammet Fornybar energi er no faste bloggarar på Forsking.no, under namnet ”De fornybare”. Vi skipar i mars 2011 til eit eige medieseminar for tilsette i høgskulen, under overskrifta ”Ein meir synleg høgskule?”

## **Open Access**

Høgskulens opne arkiv Brage har som målsetjing å gjere forskinga ved skulen meir synleg og tilgjengeleg for alle. I HSF Brage finn ein dette:

- HSF sin skriftserie, dvs. Notat og Rapportar
- Tidsskriftsartiklar frå tilsette
- Tilsette sine doktoravhandlingar
- Masteroppgåver
- Bacheloroppgåver (utval)

Per 4.2 er 202 HSF-publikasjonar registrerte i Norwegian Open Research Archives (NORA), som dei har hausta frå HSF Brage. Vi har hatt ein fin vekst i Brage siste tida. Det er eit godt samarbeid mellom biblioteket og dei fagtilsette

## **BOA-verksemd**

Inntektene frå bidrags- og oppdragsverksemd gjekk noko tilbake i 2010 samanlikna med 2009. Det var omfanget av bidragsverksemda som gjekk mest tilbake. Samla inntekt av eksternfinansiert verksemd i 2010 var 20,5 mill. kroner, medan den i 2009 var 25,3 mill. kroner. I samband med gjennomgangen til Riksrevisjonen av prosjektporteføljen som inngår i bidrags- og oppdragsverksemda vår, vart nokre av prosjekta våre omklassifiserte slik at dei ikkje lenger vert definert korkje som bidrag eller oppdrag. For 2009 utgjorde inntekta for desse prosjekta om lag 2 mill kr, slik at reell nedgang frå 2009 til 2010 er 2,7 mill kroner (gjeld bidragsaktivitet).

I 2010 er har vi hatt høge inntekter frå nokre eksternt finansierte studium i regi av HSF Oppdrag. Det gjeld m.a. deltids førskuleutdanning i Asker, leing i skule og barnehage for Bergen kommune og rusutdanning for Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, psykososialt arbeid for barn og unge for Sosial- og helsedirektoratet m.fl. Kursverksemda har gjeve HSF Samarbeidet med Gateway College har gjeve HSF vel 23.000 studiepoeng. Av desse kom nesten 16.000 gjennom samarbeidet med Gateway College. Største oppdragsgivar for Høgskulen var Utdanningsdirektoratet, med prosjekta ”Utdanning av rettleiarar for nyutdanna lærarar - mentorutdanning 2010/2011”, ”Prosjekt til fordjupning - med vekt på rettleiing og entreprenørskap - Nasjonal utdanning” og ”Engelsk vidareutdanning”. Forskingsløyvingane frå NFR gjekk, som alt nemnt, tilbake. Vi har hatt gode og stabile oppdragsinntekter til forskning til kulturlandskap og fornybar energi. Og mot slutten av 2010 fekk vi òg tilslag på to NFR-prosjekt.

## **Immaterielle rettigheter**

Høgskulen har ikkje sett i gang arbeid med å utvikle retningslinjer for immaterielle rettigheter. Vi vil ta dette opp i UH-nett Vest.

### **Verksemdsmål 3.1**

**Universitet og høgskular skal gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt tilføre samfunnet resultatane frå forskning og utviklingsarbeid.**

#### **Styringsparameter 1**

**Høgskulen skal styrkje formidlingsarbeidet ved å utvikle ordningar som stimulerer til populærvitenskapleg publisering og til deltaking i det offentlege ordskiftet.**

Høgskulen har i 2010 lagt vekt på ei skikkeleg markering av Forskingsdagane, kronikkskriving og kronikksam arbeid med lokalavisene, betra heimesider, støtte til fagfolk når det gjeld pressemeldingar og nyhendefor midling, og ulike faglege konferansar. Nokre fleire fagfolk er deltakarar i det offentlege ordskiftet. Vi skipar til medieseminaret ”Ein meir synleg høgskule?” i mars 2011. Her er fleire lokale og regionale mediefolk inviterte.

#### **Styringsparameter 2**

**Høgskulen skal stimulere dei tilsette til å ta i bruk nye nettbaserte formidlingsformer.**

I 2010 er det sett i verk eit arbeid med å utvikle og betre heimesida vår. Det vert arbeid særskilt med ei styrking av fou-informasjonen på nettsidene. Alle HSF-tilsette vert oppmoda om å la publikasjonane sine vere tilgjengelege gjennom HSF Brage. Nokre få tilsette er aktive bloggarar.

#### **Styringsparameter 3**

**Høgskulen skal søkje etter ein trainee mellom anna for å styrkje arbeidet med forskingsformidling**

Organisasjonen Framtidsfylket AS administrerer m.a. ei traineeordning for bedrifter og institusjonar i fylket vårt. Gjennom denne ordninga fekk vi 20 søkjarar til ei stilling som skulle arbeide med formidling og kommunikasjon. Traineeen vart tilsett og tok til i stillinga 1.8. Dette har representert ei styrking av formidlingsarbeidet vårt.

#### **Styringsparameter 4**

**Høgskulebiblioteka skal også vere ein ressurs i lokalsamfunnet og tilby sine samlingar til folkebibliotek og enkeltpersonar**

HSFBiblioteket er først og fremst ei ressurs for studentar og tilsette ved høgskulen. Men biblioteka våre er opne for alle og møter folk frå lokalsamfunnet med ei open og hjelpande haldning. Vi driv likevel ikkje særskilt opplysning eller reklame om tenestene våre overfor lokalbefolkninga.

#### **Styringsparameter 5**

**Høgskulen skal saman med institusjonane i UH-Nett Vest og eventuelt Vestlandsforskning, starte arbeidet med å lage eigne retningslinjer for immaterielle rettar og opphavsrett**

Desse spørsmåla har ikkje vorte drøfta i UH-nett Vest.

#### **Styringsparameter 6**

**Høgskulen skal medverke til faglege konferansar retta mot arbeids- og samfunnslivet i Sogn og Fjordane.**

Vi har skipa til og vore medarrangør for fleire slike store årlege konferansar; Sogn og Fjordane Lærarstemne, Barnehagekonferansen, Næringskonferansen, Førdekonferansen ( i tilknytning til Førdefestivalen). Konferansane er nyttige arenaer for å møtast, og samarbeidet kring konferansen byggjer viktige band mellom til involverte aktørane.

## Styringsparameter 7

**Høgskulen skal leggje til rette for at stipendiatar kan hospitere i bedrifter når det er fagleg tenleg.**

Dette har vi ikkje gjort noko med førebels. Vi har heller ikkje mange stipendiatar dette kunne vere ei tenleg ordning for. Men innanfor forskingsprogrammet for fornybar energi vert det arbeidd med å tenkje ut moglege slike ordningar.

## Vurdering av måloppnåing, verksemdsområde 3.1

Høgskulen arbeider aktivt med å styrkje det allmenne formidlingsarbeidet sitt. Vi har kome eit stykke på veg med dette i 2010. Arbeidet vert gitt høgare prioritet og er styrkt med ei traineestilling. Det er likevel slik hos oss som andre stader, at den vitskaplege formidlinga har førsteprioritet. Men fleire av beste fagfolka våre er også gode allmenne formidlarar. Media i fylket etterlyser fleire HSF-stemmer i media.

## Verksemdsmål 3.2

**Universitet og høgskular skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom utdanning, innovasjon og verdiskaping.**

## Styringsparameter 1

**Høgskulen skal stabilisere omfanget av eksternt finansiert verksemd i 2010 på 2009-nivå**

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål	Måltal
	2007	2008	2009	2010	2010	2011
Oppdrags- og bidragsfinansierte aktivitet i forhold til samla driftsinntekter		6,7 pst.	9,8 pst.	8,1 pst.	10 pst	9 pst
Oppdrags- og bidragsfinansierte aktivitet i 1000 kroner	15.099	17.526	25.253 (23.250)	20.527	27.000	25.000
Talet på mottekne forretningsidear						
Nyoppretta selskap baserte på talet på mottekne forretningsidear						

Som nemnt innleiingsvis i dette kapitlet hadde vi ein nedgang i vår bidrags- og oppdragsbaserte aktivitet i 2010. Nedgangen frå 2009 var reelt kr 2,7 mill. (etter Riksrevisjonens nedjustering av høgskulens bidragsfinansierte inntekter i 2009). Heile nedgangen skjedde innanfor den bidragsfinansierte aktiviteten. Oppdragsaktiviteten elles auka svakt.

## **Styringsparameter 2**

### **Høgskulen skal medverke til nyskaping og innovasjon innanfor sektorar der HSF har fagleg kompetanse**

Høgskulen var representert med forskingssøknader om innovasjon til Regionalt forskingsfond, Vestlandet. I VRI Sogn og Fjordane vert det arbeidd med utvikling og nyskaping i næringsliv og bedrifter. Høgskulen har eit særleg ansvar for reiselivsdelen av VRI i fylket.

Kompetansemekling er det viktigaste hjelpemiddelet. Forskingssøknaden i vidareføringa av VRI-programmet hausten 2010 dreidde seg om innovasjonssystem i fylket vårt, og er eit samarbeid mellom forskarar ved høgskulen og Vestlandsforskning. Utvikling av forskingsprogrammet i fornybar energi i meir næringslivretta retning har klare innovative trekk.

## **Styringsparameter 3**

### **Høgskulen skal ivareta rolla som regional utviklingsaktør ved å styrkje forskning og utviklingsretta arbeid mot regionen.**

Rolla som regional utviklingsaktør vert ivareteken på ulike måtar. I lærarutdanninga er dette knytt til utviklings- og etterutdanningstiltak i skuleverket, ved sjukepleie- og sosialarbeidarutdanningane er det knytt til vidareutdanningar i samarbeid med kommunane. Det nye RFF-forskningsprosjektet ser på bruken av IKT i det utfordrande arbeidet med å integrere flyktningar i utvalde kommunar i fylket.

## **Styringsparameter 4**

### **Høgskulen skal styrkje entreprenørskapsarbeidet i skulane i fylket og leggje til rette for eigne studentbedrifter.**

Eit studietilbod i "Samfunnsfag med vekt på digital formidling og entreprenørskap" vart sett i gang hausten 2010 med 18 deltakarar frå kulturliv, media, skule og landbruk. entreprenørskap og REAL i grunnopplæringa i allmennlærarutdanninga og PPU. Alle nye studentar på allmennlærar studiet får innføring i entreprenørskap og REAL den fyrste studieveka Det er etablert to pilotprosjekt med studentbedrifter, knytt til ingeniørfag og friluftslivsstudiet (idrett).

## **Styringsparameter 5**

### **Høgskulen skal lage ein handlingsplan for utvikling av eksternfinansiert forskning.**

Det er ikkje laga ein slik plan. Vi lykkast i 2010 godt med søknaden til INU (sjå under innleiinga under pkt 2.1) om finansiering av vidareutvikling av forskingsprogrammet i fornybar energi. Vi arbeider òg med moglege eksterne tilskot til vidareføringa satsinga vår på idrettsforskning. Men det vert arbeidd med å få til ei betre koordinering av arbeidet med eksterne søknader om tilskot og forskingsprosjekt

## **Styringsparameter 6**

### **Høgskulen skal halde fram samarbeidet innanfor UH-Nett Vest og vere open for eit mogleg Vestlandsuniversitet.**

Samarbeidet innanfor UH-nett Vest har vorte omfattande etter kvart, og fagfolk og leiarar frå alle avdelingane våre er involverte i arbeidet. Forestillinga om eit Vestlandsuniversitet er p.t. ikkje ein berande idé.

## Vurdering av måloppnåing, verksemdsområde 3.2

Høgskulen har siste to åra utvida det geografiske verkeområdet på etter- og vidareutdanningsida. Satsinga i Bergen og avtalen med Bergen kommune om leiarutdanning i skule og barnehage er viktig. Vi driv òg førskulelærarutdanning i Asker. Utdanningsoppdraga knytt til velferdsleiing og skule-/barnehageleiing er spennande og krevjande, og gir oss gode inntekter.

Inntektene frå BOA-verksemd gjekk litt ned i 2010. Vi ser ikkje på dette som særleg alvorleg og trur vi skal klare å halde oppe aktiviteten. BOA-inntekter bør liggje rundt 10 pst av høgskulens samle inntekter elles. Det er eit mål å stabilisere oss på dette nivået.

Elles har vi halde oppe den høge aktiviteten når det gjeld entreprenørskapopplæring. Og sjølv om vi er ein høgskule utan mange næringslivsretta utdanningar, bidreg vi på ulike måtar også til innovasjon og nyskaping i fylket. Vi har òg godt samarbeid med arbeids- og næringslivsorganisasjonar i fylket.

## Sektormål 4

---

### **Høgskulen skal organisere og drive verksemda si på ein slik måte at samfunnsoppdraget blir best mogeleg ivareteke innafør ramma av disponible ressursar.**

I 2010 hadde høgskulen gitt høg prioritet til å etablere nye studietilbod og til å utvide kapasiteten på eksisterande studium for å oppfylle Kunnskapsdepartementet sine forventningar om auka studentrekruttering. Samstundes oppnådde vi også, i samsvar med HSF sin strategi, å styrke bachelorutdanningane.

HSF har også mål om å utvikle mastergradar innanfor dei sentrale utdanningsområda. Det vert arbeidd aktivt for å realisere dette målet både innanfor studieplanarbeid, rekruttering og kompetanseheving.

Det er stort fokus på å auke forskinga i HSF. I 2010 har HSF styrka formidlingsarbeidet gjennom tilsetjing av ein trainee som har som ansvarsområde å støtte fagtilsette i formidlingsarbeidet.

Høgskulen vedtok etiske retningslinjer i 2009. Retningslinjene er tilgjengelege på institusjonen si heimeside, jmf

<http://www.hisf.no/no/content/download/17336/116730/file/etsike+retningslinjer+2009.doc>.

Styret gjorde vedtak om at Høgskulen i Sogn og Fjordane skal søkje om å bli miljøsertifisert som Miljøfyrtårn innan 2012. Arbeidet er no i gang og høgskulen sitt bygg i Førde vil vere det første som vil bli sertifisert.

Kunnskapsdepartementet i Tildelingsbrevet for 2010 sagt at HSF skal

- ha balanse mellom faglege og administrative ressursar
- vurdere risiko knytt til dei administrative støttesystema
- sikre gode rutinar for kvalitetssikring og kontroll
- følgje opp merknader frå Riksrevisjonen

Desse punkta blir kommentert under dei aktuelle styringsparametra.

### **Verksemdsmål 4.1**

#### **Høgskulen skal sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane.**

Ei god og effektiv forvaltning av ressursane omfattar heile verksemda til høgskulen; det handlar om god bruk av økonomiske midlar, om å rekruttere og utvikle dei tilsette sin kompetanse, skape godt arbeidsmiljø slik at det institusjonen skal yte av tenester som undervisning og forskning, held høg kvalitet.

Styringsparametrar	Resultat (tal i 1000)			Resultatmål 2010
	2008	2009	2010	
Driftsutg. pr avlagt Heiltidsekvivalent	131	143	138	143
Driftsutg. Pr publikasjonspoeng	11 946	7 364		7 364
Forhold mellom vitenskapleg og adm tilsette			72/28	70/30

Ein reduksjon i effektivitetsmåla kan oppnåast på to måtar; ved nedgang i driftsutgiftene eller ved auke i produksjonen.

### Styringsparameter 1

#### **Driftsutgifter pr avlagt heiltidsekvivalent skal haldast uendra.**

Vi har auka studiepoengproduksjonen i 2010 og det gjer at driftsutgifter pr heiltidsekvivalent er redusert.

### Styringsparameter 2

#### **Driftsutgifter pr publikasjonspoeng skal haldast uendra.**

Nedgangen i driftsutgifter pr publikasjonspoeng frå 2008 til 2009 skuldast at tal publikasjonspoeng auka relativt mykje frå 2008 til 2009 til. På grunn av omlegging til nytt registreringssystem, er fristen for rapportering av publikasjonspoeng utsett til 1.april. Truleg har publikasjonspoenga ein liten auke i 2010.

### Styringsparameter 3

#### **Forholdet mellom tal tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og tal tilsette i administrative stillingar skal vere 70/30.**

Departementet har forventningar til høgskulen om å ha balanse mellom faglege og administrative ressursar.

Ved utgangen av året er høvestalet noko under styringsparameteren. I HSF sin budsjettmodell ligg det ei føring om at høvestalet mellom faglege og administrative ressursar skal vere 70/30, dvs 2,3. Dette høvestalet vert brukt i budsjettering og planlegging i vekst og ved innstramming.

### Styringsparameter 4

#### **Ou-prosessen skal slutførast og vedtakast i styret i løpet av 2010.**

Ou-prosessen som vart starta i november 2009, pågjekk i heile 2010. Styret var svært tett kobla til prosessen gjennom tre styreseminar og som saker i styret. Styret har gjort vedtak om viserektor for utdanning og viserektor for forskning, fire avdelingar og åtte institutt. Den einskaplege leiingsmodellen vart vidareført.

## Vurdering av måloppnåing

Høgskulen har i 2010 hatt ei positive utvikling. Det vart i studieprogrammet for 2009/2010 satsa ekspansivt med nye studietilbod og kapasitetsauke på eksisterande studium. Dette lukkast vi med. Dei fleste studium har i dag ei rekruttering som er betre enn på mange år. Fleire studentar



og tilfredsstillande studiepoengproduksjon, gir ein meir robust økonomi, noko som er avgjerande for at høgskulen skal nå sine faglege ambisjonar innan utdanning, forskning og formidling.

Den økonomiske styringa av høgskulen er god. Økonomien er svært tett kopla til studieprogrammet. Avdelingane sine avsetnader er knytt til utsett aktivitet eller til strategiske tiltak som kompetanseheving, utvikling av studieprogrammet og mastergradssatsing.

## **Verksemdsmål 4.2**

### **Høgskulen skal gjennom sin personalpolitikk medverke til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.**

Rekruttering og utvikling av dei tilsette sin kompetanse, er eit av dei viktigaste tiltaka for å nå måla i strategiplanen innan utdanning og forskning. Høgskulen arbeider aktivt med kompetanseheving, gjennom stipendiatstillingar, førstelektorstipend og stipend for administrativt tilsette.

I 2010 har Studieutvalet og Studentparlamentet vore pådrivar for å styrke den pedagogiske kompetansen blant dei fagtilsette. Høgskulen ønskjer no å innføre krav til formell pedagogisk basiskompetanse ved tilsetjing i fagstillingar.

Styret har handsama ei sak om dei digitale utfordringane høgskulen står overfor. Den digitale kompetansen både i høgre utdanning generelt og ved HSF er for låg. Høgskulen har starta arbeidet med å følgje opp desse utfordringane for å kunne møte forventningane særleg unge utdanningssøkande har.

Bruken av mellombelse tilsetjingar i utdannings- og forskingssektoren skal reduserast. Rapporten "Bruk av midlertidige tilsetjing i universitets- og høyskolesektoren" gir ei god analyse av status, og har vore til hjelp i oppfølginga av desse sakene på institusjonsnivå. Vi trur derfor at Høgskulen i Sogn og Fjordane er på rett veg i høve til å praktisere lovverket rett. Vi vil følgje opp arbeidet gjennom drøftingar med tillitsvalde, opplæring i organisasjonen og halde styret orientert om stoda.

## **Styringsparameter 1**

### **Høgskulen skal arbeide for å oppnå jamn kjønnsfordeling mellom kvinner og menn.**

Det er eit viktig mål å nå balanse mellom kvinner og menn på alle stillingsnivå og fagområde. Høgskulen har framleis ubalanse i kjønnsfordelinga mellom kvinner og menn innanfor fag og stillingskategoriar. For institusjonen totalt er andelen kvinner på 58% og har sannsynlegvis samanheng med at fagportefølgjen ved høgskulen er dominert av fag der kvinner er i fleirtal. Likeeins er menn underrepresentert i dei administrative stillingane og i drift.

*Andel førstestillingar av totalt tal undervisnings- og forskarstillingar*

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2010
	2007	2008	2009	2010	
Del førstestillingar av totalt tal undervisnings-, forskar og formidlingsstillingar	34	33	33	35	>33

Høgskulen har nådd målet om å auke tal førstestillingar i 2010.

## Styringsparameter 2

**Andel kvinner i førstestillingar skal aukast.**

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2010
	2007	2008	2009	2010	
Andel kvinner i førsteamanuensisstillingar	21	18,1	20,9	23,3	>20,9
Andel kvinner i førstelektorstillingar	21	25,6	29,3	23,9	>29,3
Andel kvinner i høgskulelektorstillingar	57	61,2	62	63,1	

Vi har ein auke i tal kvinner i førsteamanuensisstillingar, og ein reduksjon i tal kvinner i førstelektorstillingar. Dette er små tal som gjer at endringar gir relativt store utslag. Ein kvinneleg førstelektor disputerte i 2010. Dette gir ein nedgang i andel kvinner i førstelektorstillingar.

Andel kvinner i professor/dosent-stillingar er på om lag 32%. Dette er ein liten nedgang frå 2009 og skuldast at vi har tilsett i fleire Professor II-stillingar, og desse er menn.

## Styringsparameter 3

**Minst 50% av HSF sine doktorgradsstudentar skal vera kvinner.**

Ved utgangen av året er det 8 kvinner og 9 menn i stipendiatstillingar ved HSF. Eit tidlegare eller seinare teljetidspunkt, aukar talet på kvinner. Dette viser at vi ligg noko lunde i samsvar med målsettinga.

## Styringsparameter 4

**Høgskulen skal arrangere eit seminar innan leiarutvikling i 2010.**

Det er gjennomført to styreseminar i 2010 der tema har vore ou-prosessen. I tillegg har vi hatt eitt to-dagars seminar for heile administrasjonen der temaet var administrativ organisering i den nye organisasjonen.

## Styringsparameter 5

**Høgskulen skal kunne tilby konkurransedyktige arbeidsvilkår for å behalde og rekruttere fagfolk.**

Høgskulen opplever ein positiv rekrutteringssituasjon innanfor dei fleste fag. Det er fleire kvalifiserte søkjarar på stillingane og det er ein nedgang i tal høgskulelærarar. Likevel ser vi at det framleis er vanskeleg å rekruttere til stillingar med førstekompetanse.

Lønnsnivået i høgre utdanning heng etter lønnsnivået hjå dei vi konkurrer med, det vere seg vidaregåande skule, helse- og sosialektoren og næringslivet elles. Dette er eit problem som det er merksemd kring, og fører til at vi må bruke løn som eit rekrutteringsverkemiddel. Høg inngangsløn for nyrekrutterte, gir skeivheiter mellom dei som er ferske og dei med lang ansiennitet.

Høgskulen arrangerer opplæring for nytilsette ved oppstart av haustsemesteret. Tema er rammer for tilsetjing i HSF og arbeid i høgre utdanning samt pedagogiske utfordringar. Ved oppstart av vårsemesteret 2011 vart det halde ei oppfølging der tema var undervisning.

Vi har også tilbydd treningstilbod for tilsette rett etter arbeidstid. Tilbodet hadde brei deltaking. Eit anna vellukka tiltak har vore eit tilbod der tilsette har vore ”øvingskandidatar” til idrettsstudentar. Utfordringa i tilrettelegging for trening er å nå tak i dei som ikkje er fysiske aktive. Desse responderer nødvendigvis ikkje på tilbod som ”trening for alle”. Vi ser at ulike treningstilbod og tiltak ofte har flest deltakarar av dei som er fysiske aktive frå før. Derfor har vi utfordra forskingsmiljøet om eit samarbeid om tiltak som skal rette seg mot denne gruppa.

Seniortiltak i høgskulen er retta mot tilsette som er 60 år og eldre. Som IA- verksmed er HSF oppteken av å ta vare på seniorane. I plan for livsfaseorientert personalpolitikk får seniorane i tillegg til sentrale bestemmelsar, trene inntil 2 timar i arbeidstida pr veke. Det vert gitt tilbod om seniorkurs i regi av Statens pensjonskasse for tilsette over 60 år ( fem tilsette deltok i 2010). Det vert også lyst ut seniorstipend på kr 100 000,- kvart år, som gjer det mogeleg å gå ut av ordinære arbeidsoppgåver heilt eller delvis i ein periode. I 2010 vart det delt ut eitt stipend.

Høgskulen er oppteken av kompetanseheving for administrativt tilsette. Det blir løyvd 225 000 kr pr år til stipend til adm/tekn tilsette. Søknader til kompetansegivande utdanning vert prioriterte. I 2010 vart det tildelt stipend til fire søkjarar.

### **Styringsparameter 6**

#### **Alle nytilsette skal ha ein mentor som kan rettleie i faglege spørsmål.**

Høgskulen har hatt ein gjennomgang av mottak og tilrettelegging for nytilsette. Sannsynlegvis vil det ikkje vere aktuelt å innføre obligatorisk mentorordning for alle, men ei avdeling har sett i verk systematisk kollegarettleing for lærarane. Opplæring for nytilsette har dette året blitt utvida frå ein til to dagar, med ein dag ved semesterstart om hausten og ein oppfølgingsdag ved starten av vårsemesteret.

### **Styringsparameter 7**

#### **Leggje til rette for at sjukefråværet ikkje overskrider 4,5%.**

Høgskulen hadde eit sjukefråvær på 4,15 i 2010. Sjukefråværet i HSF har lege på 4 - 4,5% dei siste åra, (for 2008 var talet 4,2 % og for 2009 talet 4,3). Det samla sjukefråværet i HSF er innanfor målet vi har sett oss. Vi ser at det totale sjukefråværet for kvinner er større enn for menn, og at sjukefråværet for kvinner i gruppa drifts- og teknisk personale er høgt.

HSF har eit etablert system for oppfølging og tilrettelegging for sjukmelde. Ansvaret og utøvinga skjer lokalt, men i tillegg har vi ein person med spisskompetanse på området sentralt, som blir nytta som ressursperson. Dette sikrar ei lik oppfølging av sjukmelde i organisasjonen.

Høgskulen er IA-verksemd. Vi arbeider jamt med førebygging og oppfølging av sjukefråvær. HSF har medlemeskap for alle tilsette i bedriftshelseteneste. Denne tenesta vert spesielt nytta i førebyggingsarbeidet. I tillegg har vi tett samarbeid med NAV.

Høgskulen har tilrettelagt for at utsette grupper som ledd i førebyggingsarbeidet, kan trene i arbeidstida. Det er og lagt opp til at alle tilsette kan trene i arbeidstida, men at det skjer i form av avspasering.

### **Vurdering av måloppnåing**

Høgskulen har auka kompetansenivået i tråd med målsettingane. Vi synest å oppleve ein betra rekrutteringssituasjon, og andelen høgskulelærarar er låg. Vi har størst utfordringar i å rekruttere og stabilisere rekrutteringssituasjonen innanfor økonomiske fag.

Høgskulen i Sogn og Fjordane har hatt ei positiv utvikling med omsyn til kvinneandel. Andelen kvinner i førstestillingar har auka. Andelen kvinner i rekrutteringsstillingar har også auka frå i fjor. Kvinneandelen varierer innanfor fagområde, og er låg innan naturvitskaplege fag.

Vi vurderer også oppfølginga av sjukemelde til å vere god.

### **Verksemdsmål 4.3**

#### **Høgskulen skal ivareta høg kvalitet i økonomiforvaltninga. God internkontroll og effektiv ressursforvaltning skal takast omsyn til i institusjonen sine strategiske prioriteringar**

Vi hadde ein gjennomgang av internkontrollsystemet i 2010, og styret handsama saka i mai. Styret konkluderte med at internkontrollen er tilfredsstillande ivareteken ved institusjonen.

I 2010 er det arrangert kurs i momshandtering, og høgskulen har hatt ein gjennomgang og vurdert saker som det har vore reist spørsmål om avgiftshandteringa av.

Høgskulen legg vekt på å følgje opp og etterleve regleverket for innkjøp. Innkjøpsregelverket vart godkjent av styret i 2005, og seinare blitt revidert i høve sentrale bestemmelsar. Vi nyttar relativt lite ressursar til innkjøp og investeringar. Innkjøpsfunksjonen er sentralisert. Derfor meiner vi å ha relativt god oversikt og kontroll, trass i liten ressursbruk.

Vi samarbeider med kompetansemiljø innan innkjøp for å ha ei forsvarleg handtering og etterleving av regelverket, og er medlem i Sogn og Fjordane innkjøpsteneste, eigd av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Vi er gjennom denne tilslutninga med på rammeavtalar på dei fleste større varegruppene. I tillegg nyttar vi innkjøpssamarbeid med Uninett, og sektoravtalar som til dømes hotelltenester. Vi arbeider med å heve kompetansen innan innkjøpsregelverket og vi arrangerte kurs i innkjøpsregelverket i 2010.

Den eksternfinansierte aktiviteten gir eit godt tilskot til høgskulen sin samla aktivitet gjennom dekningsbidraget. Nokre fagmiljø har større aktivitet, andre mindre. Avdeling for lærarutdanning og idrett, Avdeling for ingeniør og naturfag og Avdeling for økonomi, leing og reiseliv er dei avdelingane med størst aktivitet i 2010.

### Rekneskapen for løyvingfinansiert verksemd i 2010

<b>Bevilgningsfinansiert verksemd</b>	<b>Totalt</b>
Løyving 2010 frå KD	252 634
Andre inntekter	6 505
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>259 139</b>
Lønnskostnader	162 842
Investeringar og påkostingar	6 506
Andre driftskostnader	44 902
Husleige og drift av bygg inkl elektrisitet	44 118
<b>Sum driftskostnad</b>	<b>258 368</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>771</b>
Disponeringar/avsetningar:	
Interne overføringer frå andre avdelingar og eksterne prosjekt	-665
Endring i avsetningar	8 357
Overskot frå 2009	-7 131
Årets DB frå prosjektverksemd	-8 013
Eigenfinansiering til prosjekt	2 142
Forskotterte studiepoeng inntekter	1 366
<b>Sum disponeringar /avsetningar</b>	<b>-3 947</b>
<b>Resultat fra ordinær verksemd i 2010</b>	<b>4 718</b>

Løyvinga frå departementet i 2010 var på 252,6 mill. Høgskulen har hatt inntekter på 6,5 mill kr frå mellom anna kopiinntekter, framleige av lokale og utleige av personale ol. Driftsinntektene blir etter dette på 259,1 mill i 2010.

Driftskostnadene var på 258,4 mill kr i 2010. Dette gir eit driftsresultat før avsetnader og overføringer på 0,8 mill kr. Interne overføring frå prosjektverksemda og sal mellom avdelingane er ei rein teknisk justering. Endring i avsetnader frå interne prosjekt er auka med 8,3 mill kr. Vidareføring av tidlegare års overskot er 7,1 mill. Dekningsbidrag frå eksternfinansiert aktivitet var på kr 8 mill kr. Eigenfinansiering til eksternfinansierte prosjekt utgjer totalt 2,1 mill og forskotterte studiepoenginntekter utgjer 1,4 mill (studiepoengløyving frå KD i 2012).

Resultatet frå den ordinære verksemda i 2010 er 4,7 mill kr mot at vi budsjetterte med eit meirforbruk på kr 2,8 mill. HSF hadde eit mindreforbruk (overskot) frå 2009 på kr 7 mill som blir inkludert i resultatet for 2010. Dette gir oss eit meirforbruk på 2,4 mill for 2010.

#### **Styringsparameter 1**

**Likviditetsgraden skal liggje på om lag 1,05.**

Likviditetsgraden i 2010 vart på 1,05. Vi har derfor innfridd målsettinga.

## **Styringsparameter 2**

### **Høgskulen skal ha god styring med avsettingane og redusere avsettingane i rekneskapen for 2010.**

Totalt avsetningar er auka med 4 mill i høve til fjoråret. Auken skuldast avsetting til strategiske formål, spesielt til kompetanseheving i samband med NOKUT vurderingar og utvikling og omstilling for høgskulen. Sjølv om målsettinga om å redusere avsettingane ikkje er nådd, er avsettingane knytt til strategisk føremål og omstilling. Å ha midlar til dette må sjåast på som positivt.

## **Styringsparameter 3**

### **Ingen vesentlege merknader eller kommentarar frå Riksrevisjonen.**

Riksrevisjonen påpeikte i brev 27.05.2010 at Riksrevisjonen føresette at høgskulen i 2010 tilpassar seg bestemmelsane i arbeidsmiljølova. Dette vart presisert i brev frå KD 16.6 same år: *”Kunnskapsdepartementet legger til grunn at Høgskolen i Sogn og Fjordane følger opp Riksrevisjonens merknader til årsregnskapet 2009 og revisjon av lønnsområdet 2009.”*

HSF har i 2009 og 2010 hatt ein gjennomgang og ei opprydding av rutinane knytt til utbetaling av ”meirtid”. Høgskulen har tidsregistrering for alle tilsette. Både fagtilsette og administrativt tilsette fører ”positiv tid” i ESS. Utbetaling av ”plusstid” blir no utbetalt som overtid dersom føresetnadene elles er tilstades. Vår konklusjon er at bestemmelsane i arbeidsmiljølova er oppfylt ved HSF.

## **Styringsparameter 4**

### **Gjennomføre månedlege kontrollar i rekneskapen.**

Vi meiner at dette området blir ivareteke tilfredsstillande ved høgskulen. Hovudfokuset i kontrollrutinane er knytt til lønshandsaming fordi dei har størst omfang, og ”andre kostnader” då desse blir administrert og gjennomført ved alle einingane.

Gjennomgang av internkontrollen viste at dette blir tilfredsstillande ivareteke ved institusjonen.

## **Vurdering av måloppnåing**

Høgskulen har etablert gode interne styringssystem som sikrar god oppfølging og kontroll. Høgskulen byggjer på ei desentralisering av fullmakter, medan ansvar for regelverk, rutinar og systemoppfølging ligg sentralt. Høgskulen har gode rutinar som sikrar god kontroll over disponeringa av tildelte midlar. Rapportering og rekneskapsavslutning skjer til rett tid innanfor dei krava som vert stilt frå departementet og Riksrevisjonen.

Det vert arbeidd med å betre kvaliteten i løpande rapportering for å sikre god styringsinformasjon for ulike brukarar. Vi nyttar Excellerator for å produsere styringsinformasjon internt. Vi ønskjer eit betre prosjektstyringsverktøy som genererer betre data enn det vi sjølv greier å produsere, men har førebels konkludert med at Artemis som Uninett har inngått rammeavtale med, er eit for stort og tungt system for våre behov.

Høgskulen må seiast å ha god kontroll på økonomien. Årets drift gjekk med eit underskot på om lag 2 mill kr., som vart finansiert av overskot i 2009. Det er stor lojalitet til dei økonomiske rammene i organisasjonen. Budsjettmodellen er eit godt eigna planleggings og styringsmiddel internt. Modellen akkumulerer aktivitet i utdanning og forskning til årsverkrammer som eit enkelt og forståeleg styringsmiddel. Dette gjer at organisasjonen er effektiv i økonomistyring og kontroll.

## **Verksemdsmål 4.4**

**Høgskulen skal medverke til at nasjonale kunnskapsressursar vert forvalta heilskapleg og til at oppgåve og ansvar vert fordelt og løyst gjennom samarbeid.**

### **Styringsparameter 1**

**Høgskulen vil ikkje kunne utvikle fellesgradar saman med andre institusjonar i 2010.**

Det er ikkje arbeidd med fellesgrader i 2010 på masternivå. Derimot er det sett i gang eit arbeid for å etablera fellesgrader for samlingsbasert grunnskulelærerutdanning 1-7 år. Fellesgrader kan her vera ein tenleg reiskap for å få til eit ryddig og effektivt samarbeid.

### **Styringsparameter 2**

**Høgskulen skal halde fram samarbeidet i UH-nett Vest for å utvikle det faglege arbeidet.**

Samarbeidet i UH-nett Vest er etter vår meining retta mot dei områda som strategisk er prioritert av HSF. Det gjeld fagleg samarbeid for å styrka mellom anna små fagmiljø hjå oss. Forskingssamarbeidet er her eit viktig tiltak. Det andre gjeld samarbeid på masternivå. Dette samarbeidet vil bli prioritert opp i UH-nett Vest og er ei hovudsak på styremøte i UH-nett Vest i mars 2011.

### **Styringsparameter 3**

**Høgskulen skal inngå avtale med Universitetet i Bergen om mastergrad i lærarutdanning.**

Det er inngått avtale.

### **Styringsparameter 4**

**Høgskulen skal inngå avtale med Idrettshøgskulen om master i idrett.**

Det er inngått avtale.

## **Vurdering av måloppnåing i høve sektormål 4.4**

Måloppnåinga er i samsvar med forventningane.

## **5. Øvrig rapportering**

### **Større investeringsprosjekt**

I 2010 starta bygginga av høgskulen sitt nye Sentralbygg. Bygget er på 7600 m<sup>2</sup> og skal vera innflyttingsklart sumaren 2012.

HSF har i 2010 også søkt om KD om å få overta Gymnaset frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og det var eit Oppdragsmøte 10.12.11 der økonomien og realismen i dette prosjektet vart drøfta. HSF oppfatta konklusjonen slik at det skal gjerast ei ny vurdering av den økonomiske realismen i prosjektet der vi får oversikt over ombyggings- og oppgraderingskostnader og at det vert fastsett ein kjøpesum. Målet er at dette skal vera klart i løpet av sumaren 2011.

For HSF er det viktig å overta Gymnaset slik at vi vert samla i tenlege bygg på Fosshaugane Campus og at den samla utbygginga av høgskulen i Sogndal vert fullført.

### **Samfunnssikkerhet og beredskap**

Høgskulen har fungerande beredskapsplanar. Beredskapsplanane er under kontinuerleg revisjon. Ei gruppe i høgskulen skal leggje fram ny revidert beredskapsplan i løpet av 2011. Denne planen har særleg fokus på informasjonsflyten i samband med ulykker, død og krisesituasjonar for våre studentar både på eigne studiestadar og for våre studentar i utlandet.

Høgskulen gjennomfører to brannøvingar årleg i dei bygga vi leiger. Øvingane vert gjennomført i byrjinga av kvart semester. Det vert skrive interne rapportar etter øvingane, med særleg fokus på avvik.

### **Rapportering om forvaltning av fullmakter**

Høgskulen har ikkje aksjar i randsoneaktivitet, men er medlem i tre stiftingar. Desse har ikkje økonomiske forpliktingar for høgskulen.



# **Planar 2011**



## Sektormål 1

**Universitet og høgskular skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.**

### Verksemdsmål 1.1

**Høgskulen skal utdanna kandidatar med høg kompetanse og med relevans for behova i samfunnet.**

#### Styringsparameter 1

**Tal primærsøkjarar gjennom Samordna Opptak (per 15. April 2011) skal vere minst 1100 og tal primærsøkjarar per utlyst studieplass skal vera minst 1,4.**

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål
	2007	2008	2009	2010	2011
Primærsøkjarar gjennom Samordna Opptak	708	689	1030	985	1100
Primærsøkjarar per utlyst studieplass	1,04	1,03	1,39	1,39	1,40

#### Styringsparameter 2

**Tal nye studentar rekruttert gjennom Samordna Opptak skal vere minst 830.**

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål
	2007	2008	2009	2010	2011
Nye studentar (per 1.10.) rekruttert gjennom Samordna Opptak	636	581	804	783	830

#### Styringsparameter 3

**Tal nye studentar rekruttert utanom Samordna Opptak skal vere minst 700.**

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål
	2007	2008	2009	2010	2011
Nye studentar (per 1.10.) rekruttert utanom SO	637	710	671	900	700

#### Styringsparameter 4

Tal eigenfinansierte studentar per 1.10.11 skal vere minst 3250 og tal eigenfinansierte heiltidsekvivalentar skal vere minst 2520.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål
	2007	2008	2009	2010	2011
Eigenfinansierte studentar	2628	2472	2736	3138	3250
Eigenfinansierte heiltidsekvivalentar	2116	1992	2242	2451	2520

#### Styringsparameter 5

Samla kandidatproduksjon ved høgskulen i 2011 skal vere 465

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål
	2007	2008	2009	2010	2011
Mastergrad	2	14	3	12	8
Allmennlærer	56	54	37	32	40
Bachelor Førskulelærer	10	29	47	23	45
Bachelor Sjukepleie	138	77	118	86	100
Bachelor Sosialarbeidar	103	90	102	85	75
Bachelor Samfunnsvitenskap	8	6	10	12	10
Bachelor Økonomi, Reiseliv, Informasjonsbehandling	58	50	52	41	60
Bachelor Idrett, Friluftsliv	54	45	43	63	70
Bachelor Naturvitenskap	14	7	8	15	15
Bachelor Ingeniør	5	9	9	8	12
Fri Bachelor	0	4	9	1	0
PPU	27	58	18	63	30
Høgskulekandidat 2-årig	0	1	0	1	0
Samla kandidattal	481	444	456	442	465

#### Styringsparameter 6

Høgskulen skal bidra til å møte det nasjonale behovet for kapasitetsauke i høgre utdanning med å tilby nye studieplassar.

#### Styringsparameter 7

Høgskulen skal prioritere kvalitet i dei eksisterande studieprogramma framfor etablering av nye. Studieprogram som ikkje rekrutterer tilfredsstillande over tid skal vurderast med sikte på omlegging/nedlegging.

### **Styringsparameter 8**

**For å auke høgskulen sitt handlingsrom, skal vi arbeide konstruktivt for arbeidsdeling og samarbeid innafor UH-nett Vest.**

### **Styringsparameter 9**

**Vi skal arbeide for å etablere egne mastergrader innafor sentrale utdanningsområde i høgskulen. Høgskulen vil søkje KD om midlar til oppstart av mastergrader. I 2011 skal vi**

- starte opp mastergrad i idrettsvitskap i samarbeid med NIH
- sende søknad til NOKUT om eigen mastergrad i undervisning og læring
- utarbeide studieplan for mastergrad i helse- og sosialfag. Samstundes blir det bygd opp professor- og forskingskompetanse med sikte på at søknad om NOKUT-godkjenning av studiet kan sendast frå høgskulen
- utgreie moglege fellesemne for masterprogramma

### **Styringsparameter 10**

**Høgskulen skal tilby gode og relevante vidareutdanningar med utgangspunkt i dei regionale behova og høgskulens kompetanse.**

### **Styringsparameter 11**

**Høgskulen skal tilby attraktive kurs og studietilbod med ekstern finansiering som held høg fagleg og pedagogisk kvalitet.**

### **Styringsparameter 12**

**Høgskulen skal vidareutvikle kvalitetssystemet med sikte på robuste arbeidsmåtar og rutinar, og evne til å fanga tilbakemeldingar frå studentar, tilsette og praksisfeltet. Kvalitetssystemet skal tilpassast ny organisasjonsstruktur.**

### **Styringsparameter 13**

**Høgskulen skal vidareutvikla studieplanane med sikte på at dei skal vera forskingsbaserte, ha fokus på entreprenørskap, internasjonal orientering og med læringsutbytteomtalar i samsvar med det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket.**

### **Styringsparameter 14**

**Bibliotektenesta i høgskulen skal støtte undervisning og forskning og styrke informasjonskompetansen hos studentar og tilsette.**

## **Risikovurdering 1.1**

Den største risikoen for at høgskulen ikkje når dei fastsette måla innafor dette målområdet er svikt i rekrutteringa av nye studentar. Konsekvensane av sterk svikt på dette området vil vera svært alvorlege for høgskulen, både i form av for få studentar og dermed reduserte inntekter, og i form av dårlegare inntakskvalitet med fare for dårlegare gjennomføring.

Høgskulen hadde ein kraftig auke i tal søkjarar og nye studentar til grunnutdanningane i 2009. I 2010 var høgskulen innstilt på noko færre søkjarar, mellom anna på grunn av endringar i tilbodet av utdanningar som vart lyst ut i det samordna opptaket. Når resultatet for 2010 vart på line med 2009, og i lys av større ungdomskull og utviklinga i arbeidsmarknaden, er det grunn til å setja mål om vidare positiv utvikling i søkjartala, spesielt for grunnutdanningane. Avgjerande for å nå måla er at høgskulen held kvalitet i tilboda, at studentane er nøgde og at utdanningane fungerer i arbeidsmarknaden.

Høgskulen rekrutterer meir enn halvparten av grunnutdanningsstudentane utanfor Sogn og Fjordane. Dette er ein situasjon som vi må rekna med vil halda fram, då storleiken på ungdomskulla i Sogn og Fjordane er fallande dei komande åra. På landsbasis tilseier prognosane vekst. Det er dermed ein føresetnad for å lukkast med resultatmåla at høgskulen greier å vera attraktiv for studentar også utanfor dei geografiske nærområda. Attraktive studietilbod som fungerer i arbeidsmarknaden, god kvalitet i tilboda og fornøgde studentar er dei viktigaste føresetnadane for å nå måla. I tillegg må det systematiske arbeidet med rekrutteringstiltak halda fram og fortløpande fornyast.

Høgskulen kan leve med ein rekrutteringssvikt på inntil 10% utan at konsekvensane blir svært alvorlege. Dersom det i løpet av rekrutterings- og opptaksperioden er teikn til alvorleg svikt i rekrutteringa, har høgskulen rutine med å vurdere avlysing av tilbod innan 1. juni. Ved sviktande rekruttering vil det i tillegg vera aktuelt å setja i verk ekstra tiltak gjennom sommaren, mellom anna i forhold til det såkalla ”restetorget” i regi av Samordna Opptak.

Grunnskulelærarutdanninga representerer ei særskild utfordring både med omsyn til rekruttering, breidde i fagtilbodet og kostnader. Det ligg ein klår risiko for at høgskulen kan mislukkast i arbeidet med å halde oppe og vidareutvikle dette tilbodet, som er så viktig for både høgskulen og regionen. Samarbeid og arbeidsdeling innafor UH-nett Vest er eit viktig tiltak, der dei positive relasjonane som er etablert må vidareutviklast. HSF legg til grunn at det skal vera fagleg arbeidsdeling i GLU-utdanningane innan UH-nett Vest, og HSF er innstilt på å spela ei sentral rolle i utvikling og organisering av samlingsbaserte tilbod på Vestlandet. Det er grunn til å rekna med at dette vil styrka rekrutteringa og arbeidsgrunnlaget for dei deltakande institusjonane.

Høgskulen baserer viktige resultatmål også på å lukkast med gode og relevante tilbod om vidareutdanningar og mastergrader retta mot den regionale marknaden. Dette føreset god samhandling med relevante samfunnsaktørar, og det føreset at høgskulen framleis får høve til å disponera ledige ressursar mot vidareutdanningsfeltet. Auka satsing på mastergrader må balanserast mot desse ambisjonane, og kan utfordra satsinga på eit breitt tilbod av vidareutdanningar.

Rekruttering av nye studentar er elles påverka av ei rekkje faktorar som høgskulen ikkje har kontroll over.

## Verksemdsmål 1.2

Høgskulen skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming.

### Styringsparameter 1

Studiepoengproduksjonen i 2011 skal vera 2100 eigenproduserte 60-poengeiningar. Tal nye studiepoeng per eigenfinansiert student skal vere 41 og per eigenfinansiert heiltidsekvivalent 52.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2011
	2007	2008	2009	2010	
Eigenfinansiert studiepoengproduksjon (60-poengeiningar)	1838,1	1881,1	1849,4	2030,0	2100
Studiepoeng per eigenfinansiert student	42,0	45,7	40,5	40,6	41
Studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent	52,1	56,6	49,4	51,4	52

Høgskulen har som målsetjing at studiepoengproduksjonen både samla og per eigenfinansiert student og heiltidsekvivalent skal auke i samsvar med målsetjingane om vekst i studenttalet.

### Styringsparameter 2

HSF skal ha 18 studentar per eigenfinansiert fagleg årsverk i 2011

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2011
	2007	2008	2009	2010	
Studentar per fagleg årsverk	17,2	17,8	17,8	19,8	18,0

### Styringsparameter 3

Gjennomføringsprosent i forhold til avtalt utdanningsplan skal vera 85%

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2011
	2007	2008	2009	2010	
Gjennomføring i forhold til avtalt utdanningsplan	74,6%	83,6%	82,8%	90%	85%

### Styringsparameter 4

Høgskulen vil innføra krav om pedagogisk basiskompetanse for alle som blir tilsett i faglege stillingar. Dersom dette kravet ikkje er innfridd ved tilsetjing, vil den som blir tilsett bli pålagt å gjennomføra opplæring tilsvarande 15 studiepoeng pedagogikk i løpet av fem år frå tilsetjing.

### **Styringsparameter 5**

Høgskulen skal ha tilbud om pedagogisk opplæring for tilsette tilsvarande fem studiepoeng per år.

### **Styringsparameter 6**

Høgskulen skal styrke kvaliteten i praksisopplæringa gjennom god samhandling med praksisfeltet for dei praksisbaserte utdanningane.

### **Styringsparameter 7**

Høgskulen skal halde fokus på gjennomstrøyming/gjennomføring av utdanningane gjennom ein årleg konferanse mellom høgskulen og dei studenttillitsvalde og styrking av opplæring i studiestrategiar. Høgskulen skal avklare skiljet mellom opptak til etter- og vidareutdanningstilbod for lærarar.

### **Styringsparameter 8**

For å stimulera/leggje til rette for eit aktivt studentdemokrati, skal det utarbeidast felles retningslinjer for høgskulen sitt forhold til studentorgana

### **Styringsparameter 9**

Høgskulen skal leggje til rette for eit læringsmiljø som stimulerer til engasjement og medverknad frå studentar og tilsette

### **Styringsparameter 10**

Høgskulen skal utvikle biblioteket som god læringsarena med arbeidsplassar som imøtekjem ulike læringsbehov. Utforming av læresenteret i det nye sentralbygget vil stå sentralt.

### **Styringsparameter 11**

Høgskulen skal følgja opp innstilling om digital kompetanse gjennom eit eige prosjekt med vekt på opplæringstilbod for tilsette, brukarstøtte, utprøving av digital eksamen og tilrettelegging for deltids-/samlingsbaserte studentar

### **Styringsparameter 12**

Høgskulen skal starte arbeidet med ein it-strategi for høgskulen, gjennomføre risiko og sårbarheitsanalysar og utarbeide og vedta sikkerheitspolicy. Minst eitt klasserom blir tilrettelagd for elektronisk samhandling som del av vestlandssamarbeidet. Det skal innførast elektroniske samarbeidsløysingar som vert gjort tilgjengelege for alle.

### **Styringsparameter 11**

Høgskulen skal gjennomføre og følgje opp brukarundersøkingar i samsvar med kvalitetssystemet vendt mot nye studentar og ferdige kandidatar.

### **Styringsparameter 12**

Høgskulen skal ha ein aktiv og open kommunikasjon med studentar og studiesøkjjarar og val av informasjonskanalar skal tilpassast dei ulike gruppene

## **Risikovurdering 1.2**

Reduksjon i studiepoengproduksjonen og svekka omdømme som utdanningsinstitusjon er den største risikoen innafor dette målområdet.



For å nå målsetjingane knytt til studiepoengproduksjonen er høgskulen avhengig av å rekruttere mange og motiverte studentar som lukkast i utdanningane sine. Målsetjingane for poengproduksjon per student og ekvivalent er nøkterne med utgangspunkt i resultatet siste åra. Eit avvik frå målsetjinga for den samla studiepoengproduksjonen på 3-4% kan akseptertast. Nye tilbod om masterutdanning vil vera kostnadskrevjande, og det vil vera avgjerande med god rekruttering for at høgskulen kan halda fram med vidare satsing på dette området.

Styrking av den pedagogiske kompetansen og god oppfølging av studentane er viktig for at høgskulen skal lukkast med målet om god gjennomstrøyming. Arbeidet krev både tid og ressursar. Høgskulen sine tilsette får jamt over gode tilbakemeldingar på undervisninga, men det er uheldig for høgskulen dersom fagtilsette ikkje lukkast med undervisninga. Dette svekkar utdanninga sitt omdømme, og det faglege utbytte hos studentane.

Høgskulen ønskjer å redusere risikoen for dette ved å rekruttere fagtilsette med høg fagkompetanse og tilby formell basiskompetanse i pedagogikk for lærarar som manglar dette.

Gjennom eit godt mottaksprogram ønskjer høgskulen å gjere det lettare for nytilsette å bli gode undervisarar, og gjere det attraktivt for dei å halde fram i høgskulen. Også dette er eit spørsmål om ressursar.

Høgskulen har tett kontakt og eit godt omdømme i høve praksis- og yrkesfeltet i fylket. Høgskulen ønskjer å styrke kontakten inn mot helse, sosial, barnehage- og skulesektoren. Det vil avhenge av at desse sektorane har tilstrekkeleg ressursar til kompetanseutvikling og tilrettelegging for praksis.

Høgskulen er kjent for eit godt studie- og læringsmiljø. Dette er utvikla over år gjennom tett samarbeid mellom høgskulen og studentorganisasjonane. Dersom talet heiltids grunnutdanningsstudentar vert redusert kan dette få negative konsekvensar for engasjement og medverknad frå studentane. Med noverande rekruttering er risikoen moderat. Høgskulen har ein del at studentmassen går på deltids- og desentraliserte utdanningar, og har fokus på god tilrettelegging av læringsmiljø for desse studentane.

### Verksemdsmål 1.3

**Høgskulen skal ha omfattande internasjonalt utdanningssamarbeid med høg kvalitet, som bidreg til auka utdanningskvalitet.**

#### Styringsparameter 1

**Tal utvekslingsstudentar over tre månader skal vere 90**

Styringsparameter	Resultat					Resultatmål
	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Utreisande studentar	35	34	32	41	38	40
Innreisande studentar	25	46	45	50	41	50
Total	60	80	77	91	79	90

### Styringsparameter 2

Talet på framandspråklege studium på 30 sp skal vere 14

Styringsparameter	Resultat					Resultatmål
	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Tal framandspråklege studium eller emne	5	11	14	15	14	14

Av desse er tre studium tilpassa nordiske studentar.

### Styringsparameter 3

Tal studietilbod i samarbeid med utanlandske institusjonar skal vere 1

Resultatindikator	Resultat					Resultatmål
	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Studietilbod i samarbeid med utanlandske institusjonar	0	0	0	1	1	1

### Styringsparameter 4

Mobiliteten skal vere 4 fagleg tilsette

Styringsparameter	Resultat					Resultatmål
	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Utreisande	-	30	30	20	17	2
Innreisande	-	12	10	14	7	2
Total		42	40	34	24	4

Rapporteringa til DBH er lagt om, slik at fagleg mobilitet skal rapporterast når opphaldet er på minimum 4 veker.

### Styringsparameter 5

Høgskulen skal følgje opp innstillinga frå internasjonale arbeidsgruppe

### Styringsparameter 6

Internasjonaliseringsarbeidet skal styrkast gjennom sterkare forankring i høgskulen si styringslinje

### Styringsparameter 7

Ressursar til internasjonalisering skal tildelast slik at relevante fagmiljø får like vilkår i arbeidet

### **Styringsparameter 8**

**Høgskulen skal delta i samarbeid med UH-Nett Vest om internasjonalisering.**

### **Styringsparameter 9**

**Internasjonalt samarbeid skal sikre at høgskulen sine studieprogram er attraktive, forskningsbaserte og held høg internasjonal kvalitet.**

### **Styringsparameter 10**

**Høgskulen vil stimulere til auka fagleg samarbeid med utanlandske lærestader og utvekslingsopphald for tilsette.**

### **Styringsparameter 11**

**Høgskulen skal vere ein attraktiv samarbeidspartnar for utanlandske lærestader.**

### **Styringsparameter 12**

**Studium og emne på engelsk skal så langt mogleg integrerast i ordinære studieprogram.**

### **Styringsparameter 13**

**Alle gradsstudentar skal ha tilbod om å ta ein del av utdanninga ved ein samarbeidsinstitusjon i utlandet.**

### **Styringsparameter 14**

**Høgskulen skal utvikla internasjonale campus i Sogndal og Førde**

## **Risikovurdering 1.3**

Det er stor usikkerheit knytt til å nå målalet for studentmobilitet. Høgskulen har lukkast godt med rekruttering av innkomne studentar på studium der det er god fagleg kontakt mellom samarbeidspartane. Det er vanskeleg å trekkje til seg internasjonale studentar gjennom andre marknadsføringstiltak. Fleire av høgskulen sine studietilbod er sårbare med omsyn til studentrekruttering. Det gjeld studium dert høgskulen manglar samarbeidspartnarar som ønskjer å sende studentar til oss. Høgskulen kan bli tvinga til å avlyse studium eller undervisning på engelsk på grunn av lågt studenttal. Usikkerheit med omsyn til om det er grunnlag for å starte opp studium verkar inn på marknadsføring og motivasjon til å utvikle nye studietilbod. For å motverke dette søker høgskulen å legge til rette internasjonale tilbod integrert i gradsstudium, slik at undervisninga vert gjennomført på engelsk dersom det er internasjonale studentar. Avtalar med partnarar med sikte på gjensidig utveksling er eit anna viktig tiltak for å styrke rekruttering av studentar.

Det er og ein viss risiko knytt til målalet for utreisande studentar. Engasjement for å legge til rette for utreise varierer i fagmiljøa, og informasjon og praktisk tilrettelegging kan verte betre. Det er heller ikkje alltid samsvar mellom studentane sine ønskje og høgskulen sine tilbod gjennom samarbeidsavtalar. Dersom talet på utreisande studentar skulle minke, svekkar det høgskulen sin posisjon når det gjeld å inngå nye samarbeidsavtalar, og færre studentar får ei internasjonal erfaring som del av utdanninga. Gjennom betre informasjon og sterkare fagleg forankring kan høgskulen sikre eit meir stabilt tal utreisande studentar.

Internasjonalisering skal vere ein integrert del av verksemda ved HSF, og det vert avgjerande for å lukkast at arbeidet er forankra i leiinga. I arbeidet med ny organisasjonsstruktur må arbeid med internasjonalisering verte meir synleg, og fleire tilsette må ta del i arbeidet. Det er ein betydeleg risiko for at internasjonaliseringsarbeidet vert prioritert lægre enn ønskjeleg dersom ikkje organisasjonen prioriterer meir ressursar til arbeidet framover. Innstillinga frå

arbeidsutvalet som har arbeidd med internasjonalisering vil innehalde mange tiltak for å styrke arbeidet framover.

Høgskulen ønskjer at alle studentar skal møte ein internasjonal dimensjon i utdanningane ved HSF. Fagleg engasjement må ligge til grunn for at studieplanar og tilbod til internasjonale studentar vert utforma for å støtte opp om dette. Kanskje er dette engasjementet ikkje tilstrekkeleg til at høgskulen kan greie å løfte arbeidet opp på eit meir aktivt nivå. Grunnane kan vere manglande motivasjon, ressursknappheit eller faglege særpreg og tradisjonar i mange av utdanningane våre. Å orientere seg internasjonalt er krevjande og vil på sikt styrke den faglege kvaliteten i høgskulen sine utdanningar. Høgskulen vil vurdere ordningar som kan stimulere fleire fagtilsette til å engasjere seg med sikte på å styrke den faglege kvaliteten i utdanningane.

## Sektormål 2

**Universitet og høgskular skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.**

### Verksemdsmål 2.1

**Universitet og høgskular skal gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid tilby forskarutdanning av høg kvalitet. Forskarutdanninga skal vere innretta og dimensjonert for å ivareta behova i sektoren og samfunnet elles.**

### Styringsparameter 1

**Publikasjonspoeng per stilling skal vere minst like høg i 2011 som i 2010. NFR-midlar per stilling skal aukast med minst 50 pst**

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål
	2007	2008	2009	2010	2011
Publikasjonspoeng per stilling	0,16	0,12	0,19	0,24	0,26
Publikasjonspoeng i alt	28,8	20,6	34,9	45,0	50
NFR-tildeling per stilling (kroner)	27.447	18.958	17.011	10.300	15.000
NFR-tildeling i alt (1000 kroner)	-	-	3.079	1.751	2.600
EU-tildeling per stilling (kroner)	2.630	923	3.033	0	0
Andre styringsparameter					

*(Publikasjonspoeng 2010 er førebels tal)*

I tråd med strategisk plan legg vi målsetjingane for publikasjonspoeng for 2011 noko over resultatet for det vil ha oppnådd i 2010. Vi vil halde fram den positive utviklinga vi har hatt i 2009 og 2010.

### Styringsparameter 2

**Høgskulen skal leggje større vekt på forskingskompetanse ved utlysning av og tilsetjing i faglege stillingar og lyse ut fleire toppstillingar**

### Styringsparameter 3

**Høgskulen skal leggje til rette for at dyktige fagfolk på første nivå kan få kvalifisere seg til toppstillingar som professor og dosent, mellom anna ved å arbeide for at vi får høve til å omdisponere eit stipendiatstilling til stilling som postdoktor.**

### Styringsparameter 4

**Høgskulen skal vurdere å utvikle og setje i verk ei ordning som premierer dei som publiserer**

### **Styringsparameter 5**

**Høgskulen skal sørge for god oppfølging av handlingsplanen for støttesystem for fou**

### **Styringsparameter 6**

**HSF skal utarbeide eller vere part i utarbeiding av fleire søknader til Noregs forskingsråd, og oppnå tilslag på minst éin søknad.**

### **Styringsparameter 7**

**Høgskulen skal revidere satsingsområda for fou med særleg vekt på å styrkje forskinga knytt til dei sentrale utdanningsområda våre, og i tillegg få fram eitt eller fleire forskingsfelt på spisskompetansenivå.**

### **Styringsparameter 8**

**Høgskulen skal gje prioritet til forskingssamarbeid i UH-nett Vest innanfor dei områda nettverket har valt ut for samarbeid**

## **Risikovurdering 2.1**

Høgskulen skåra lågt når det gjaldt publikasjonspoeng i 2008. Vi har hatt ein god auke i 2009 og 2010. Det vil vere svært uheldig for høgskulen om vi i 2011 (og seinare) får ein tilbakegang i den fagfelleverderte publiseringa. Ikkje berre vil fou-løvyinga frå departementet verte redusert, vi vil òg tape i den interne rangeringa mellom høgskulane. Gjennom strategiplanen kva vi formulert djerve mål for fou-verksemda; m.a. skal vi vere blant dei høgskulane som publiserer mest per fagstilling. Seriositeten i målsetjinga er knytt til at høgskulen gradvis nærmar seg målet.

Vi er inne i ei god utvikling no. Vi er avhengige av å halde oppe trøkket kring dette i heile organisasjonen. Det vil m.a. seie aktiv bruk av handlingsplanen for vitskapleg publisering, fleire kurs i vitskapleg skriving og god synleggjering av dei som hevdar seg godt med slik publisering.

Vi må òg vere meir medvitne enn i dag om at det skal leggjast større vekt på forskingskompetanse ved utlysing og tilsetjing i faglege stillingar. Vi har òg få professorar samanlikna med andre høgskular. Vi treng relativt snøgt fleire faglege toppstillingar for å hevde oss betre når det gjeld vitskaplege publisering og skaffe oss fleire NFR-finansierte forskingsprosjekt. Desse gir best vilkår for vitskapleg publisering.

Høgskulen har eit stort trykk på kvalitet i utdanning samtidig som vi er etterspurde når det gjeld eksternt finansierte utdanningstilbod. Det kan vere ein risiko knytt til spenninga mellom utdanning og forskning, der krava til å ivareta utdanninga alltid vil vere der med full styrke, mens krava til forskingsaktiviteten kan bli for utydelege. Med relativt få mastergrader og få professorar, vil høgskulen ha ein profil som kan føre til at forskingsverksemda ikkje får den plassen ho bør ha. I tråd med strategisk plan vert denne balansen no gradvis justert gjennom utvikling av mastergradar og heving av forskingskompetansen hos dei tilsette.

Ettersom ekstern finansiering av forskning i stadig større grad kjem institusjonar som samarbeider til del, vil HSF måtte arbeide målmedvite med alliansebygging for å komme i posisjon når det gjeld dei store tildelingane av forskingsmidlar. Dette har HSF lukkast med i enkelte tilfelle, bl.a. fornybar energi. Alliansebygging mellom ulike fagmiljø internt i HSF vil òg kunne bidra til at vi står sterkare i konkurransen om forskingsmidlane.

## Verksemdsmål 2.4

Dei statlege høgskulane har eit særskilt ansvar for profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionane. Samtidig skal dei statlege høgskulane innrette forskingsinnsatsen sin slik at dei oppnår resultat av høg internasjonal kvalitet innan fagområde dei tildeler doktorgrad, og samarbeide nasjonalt og internasjonalt om forskning og utviklingsarbeid.

### Styringsparameter 1

Talet på avlagte doktorgrader skal vere minst fire, og to av dei skal ha opptak fem år eller mindre før disputas

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål
	2007	2008	2009	2010	2011
Talet på uteksaminerte dr.gradskandidatar per vitskapleg årsverk	0,023	0,018	0,018	0,018	0,023
Tal på avlagde dr.grader – eigne kandidatar	4	3	3	3	4
Andel uteksaminerte dr.gradskandidatar av opptekne personar på dr.gradsutdanning fem år tidlegare	-	-	33 pst	50 pst.	50 pst.

Vi har alt hatt éin disputas i 2011, og fire andre har levert inn sine doktorgradsavhandlingar for vurdering. Med 11 stipendiatstillingar frå KD og nokre ekstern finansierte stipendiatar, vil vi inntil vidare ha eit måltal på fire uteksaminerte dr.gradskandidatar per år.

### Styringsparameter 2

Talet på opprykk til førstelektor skal vere minst to

### Styringsparameter 3

Talet på nye doktorgradsavtalar skal vere minst fire

### Styringsparameter 4

Høgskulen skal verte partner i minst éin forskarskule på PhD-nivå

### Styringsparameter 5

Høgskulen skal få ekstern finansiering til minst to stipendiatstillingar

### Styringsparameter 6

Talet på tilsette som går inn i strukturerte førstelektorløp, skal vere minst tre

### Styringsparameter 7

Høgskulen skal ha tildelt midlar frå Regionalt forskingsfond

### **Styringsparameter 8**

**Høgskulen skal medverke til utviklingsarbeid og kompetanseheving i regionen, med særleg vekt på dei store offentlege profesjonssektorane**

### **Styringsparameter 9**

**Høgskulen skal følgje opp tiltak for studentaktiv forskning og studentmedverknad i forskning i samarbeid med Studentparlamentet**

## **Risikovurdering 2.4**

Dei siste åra har 3-4 av våre eigne doktorgradsstudentar disputert per år. Vi er bra i rute, med rimeleg god gjennomstrøyming. Det er ingen avskalling av kandidatar, og vi har berre nokre få som har brukt meir enn fem år på å gjere seg ferdige. Skal vi halde dette oppe, må vi gi doktorgradsstudentane våre gode arbeidsvilkår, stimulere dei til å knyte faglege kontaktar i viktige fagmiljø i inn- og utland, leggje til rette for studieopphald i utlandet, og saman med gradsgivande institusjon utvikla gode arbeidsplanar og arbeidsvanar.

Når stipendiatane har disputert, ser vi at dei er attraktive for andre institusjonar som kan tilby gode forskingsvilkår, bl.a. postdoktorstillingar. Det kan vere ein risiko for å miste verdfulle medarbeidarar dersom det ikkje vert opna for mulegheiter for postdoktorstillingar også hos oss.

HSF har eit lågt tal stipendiatstillingar og ingen mastergrader finansiert over statsbudsjettet. Fullføringsgraden når det gjeld doktorgradsløp, er høg. Det kan vere ein risiko for HSF om vi ikkje når opp i konkurransen om stipendiatstillingar og tildeling av studieplassar på mastergradsnivå.

Vi må òg sørgje for at dei som mange vil kvalifisere seg til opprykk som førstelektor, får lagt forholda til rette for dette. Mange er i gang med slik kvalifisering. Det vil vere ille for oss om dei ikkje kjem i mål. Det må leggjast til rette for dette i fagmiljøa og på avdelingane. Vi bør òg sørgje for at dei som arbeider med slik kvalifisering, har ein fast samlingsstad gjennom det Førstelektorforumet som er etablert.

Høgskulen har òg lang tradisjon for å arbeide med kompetanseutvikling i regionen saman med regionale aktørar. Arbeidet vil halde fram også i 2011.



## **Sektormål 3**

---

**Universitet og høgskular skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultatata. Universitet og høgskular skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.**

### **Verksemdsmål 3.1**

**Universitet og høgskular skal gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt tilføre samfunnet resultatata frå forskning og utviklingsarbeid.**

#### **Styringsparameter 1**

**Høgskulen skal arbeide vidare med å styrkje formidlingsarbeidet ved å utvikle ordningar som stimulerer allmennretta formidling og til meir aktiv deltaking i det offentlege ordskiftet**

#### **Styringsparameter 2**

**Høgskulen skal delta aktivt i Forskingsdagane 2011**

#### **Styringsparameter 3**

**Høgskulen skal stimulere og leggje til rette for dei som vil skrive gode lærebøker**

#### **Styringsparameter 4**

**Høgskulen skal skipe til seminar om forskning og media**

#### **Styringsparameter 5**

**Høgskulen skal utvikle nye internettsider og i 2011 prioritere fou-verksemda**

#### **Styringsparameter 6**

**Høgskulen skal setje i verk ein ny kommunikasjonsstrategi**

#### **Styringsparameter 7**

**Høgskulen skal stimulere til aktiv bruk av Brage og andre opne arkiv for publikasjonar**

#### **Styringsparameter 8**

**Høgskulen skal saman med institusjonane i UH-Nett Vest og eventuelt Vestlandsforskning, starte arbeidet med å lage eigne retningslinjer for immaterielle rettar og opphavsrett**

#### **Styringsparameter 9**

**Høgskulen skal aleine og saman med andre skipe til faglege konferansar retta mot arbeids- og samfunnslivet i Sogn og Fjordane**

#### **Styringsparameter 10**

**Høgskulen skal leggje til rette for at stipendiatar kan hospitere i bedrifter når det er fagleg tenleg**

### Risikovurdering 3.1

Det er ei utfordring for oss å halde full trøkk på vitskapleg publisering og samtidig auke merksemda om dei pliktene og utfordringane vi har når det gjeld den meir allmennretta formidlinga, deltaking i det offentlege ordskiftet og samhandling med andre samfunnsaktørar lokalt og nasjonalt. Vi får ingen publikasjonspoeng for denne type verksemd.

Vi har likevel lykkast bra med kronikkskriving i lokalaviser og også i regionale og nasjonale media. Vi har mange som liker å skrive, og som er flinke til å skrive. Mange flinke forskarar er også gode (allmenn)formidlarar. Vi må likevel finne ein høveleg balanse mellom dei to aktivitetane.

I følge lokalmedia er det for få tilsette ved høgskulen som gjer seg gjeldande i den offentlege debatten. Vi bør kanskje i større grad leggje forholda til rette for dei som har lyst til og har dei eigenskapane som trengst for å vere meir aktive.

I dag er det fleire medium, kanalar og plattformer enn før som ein kan nytte for å formidle i frå eiga forskning og delta i ulike former for samtalar. Vi skal vere opne for at tilsette deltek med og i ulike typar medium.

Problemstillingar som er lufta her, er bakgrunn for og vil verte drøfta på seminaret "Ein meir synleg høgskule?" i mars 2011.

### Verksemdsmål 3.2

**Universitet og høgskular skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom utdanning, innovasjon og verdiskaping.**

#### Styringsparameter 1

**Høgskulen skal stabilisere omfanget av eksternt finansiert verksemd i 2011 på 2010-nivå**

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål
	2007 (BOA)	2008 (BOA)	2009 (BOA)	2010 (BOA)	2011 (BOA)
Oppdrags- og bidragsfinansiert aktivitet i forhold til samla driftsinntekter		6,7 pst.	9,8 pst.	8,1 pst	<b>9,0 pst</b>
Samla oppdrags- og bidragsfinansiert aktivitet i 1000 kroner	15.099	17.526	25.253 (23.250)	20.527	<b>25.000</b>
Talet på mottekne forretningsidear					
Nyoppretta selskap baserte på talet på mottekne forretningsidear					

#### Styringsparameter 2

**Høgskulen skal starte arbeide med ei samfunnskontrakt som klargjer høgskulens rolle i kunnskapsutvikling regionalt**

### **Styringsparameter 3**

**Høgskule skal medverke til nyskaping og innovasjon basert på resultat av forskning og utviklingsarbeid innanfor sektorar der HSF har fagleg kompetanse**

### **Styringsparameter 4**

**Høgskulen skal ivareta rolla som regional utviklingsaktør ved å styrkje forskning og utviklingsretta arbeid mot regionen.**

### **Styringsparameter 5**

**Høgskulen skal leggje til rette for eigne studentbedrifter**

### **Styringsparameter 6**

**Høgskulen skal samordne arbeidet med søknader om eksterne midlar**

### **Styringsparameter 7**

**Høgskulen skal prioritere og halde fram samarbeidet innanfor UH-Nett Vest**

## **Risikovurdering verksemdsmål 3.2**

HSF deltek i større grad enn mange andre høgskular i samarbeidsprosjekt av ulike slag med regionale aktørar. Særleg gjeld dette innan dei profesjonsfelte høgskulen utdannar studentar for. I aukande grad samhandlar HSF òg med lokalt og regionalt næringsliv. Det er venta at høgskulen skal vere med på mange arenaer. Og vi er med på mange slike. Dette er krevjande.

Denne type samarbeid er likevel ofte ein føresetnad for at høgskulen for at høgskulen er i posisjon til på seg betalte oppdrag innanfor både utdanning, utviklingsarbeid og forskning. Siste åra har BOA-verksemda utvikla seg positivt. Vi har òg spreidd aktiviteten til andre delar av landet. Dette inneber også meir krevjande kundar, hardare konkurranse og større risiko.

Siste par åra har HSF (saman med Vestlandsforskning) gjort avtalar med energiselskapa og med INU-fondet i fylket om eit eige forskingsprogram i Fornybar energi. Vi er òg med i eit eit av forskingsnettverka for miljøvennlig energi som får støtte frå Forskningsrådet. Samla tilskota er nærmare 18-20 mill kroner over fire år. Ein professor og tre stipendiatar er tilsette på programmet. Tre nye stipendiatar skal tilsetjast. Eit nytt bachelorstudium i fornybar energi vart sett i gong hausten 2010, og ei masterstudium skal utgreiast.

Det vi har nemnt ovanfor, stiller høgskulen overfor nye og større utfordringar av ulik karakter. Med grunnlag i dette vil vi starte arbeidet med å utforme ei samfunnskontrakt, der vi vil forsøke å tydeleggjere høgskulens rolle i kunnskapsutviklinga.



## Sektormål 4

---

**Høgskulen skal organisere og drive verksemda si på ein slik måte at samfunnsoppdraget blir best mogeleg ivareteke innafør ramma av disponible ressursar.**

### **Verksemdsmål 4.1**

**Høgskulen skal sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane.**

#### **Resultatmål 1**

**Høgskulen skal halde fram med å ha god økonomistyring og god kontroll på utgiftene.**

#### **Resultatmål 2**

**Driftsutgifter pr avlagt heiltidsekvivalent skal haldast uendra i 2011.**

Styringsparameter fastsett av KD. Sum driftskostnader vert henta frå rekneskapen.

#### **Resultatmål 3**

**Driftsutgifter pr publikasjonspoeng skal haldast uendra i 2011.**

Styringsparameter fastsett av KD.

#### **Resultatmål 4**

**Forholdet mellom tal tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og tal tilsette i administrative stillingar skal vere 70/30.**

### **Risiko knytt til verksemdsmål 4.1:**

*Høgskulen skal sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane.*

Risiko for ikkje å nå målet er knytt til:

- sviktande studentrekruttering (omtalt under delmål 1.1 og 1.2)
- lave publiseringspoeng (omtalt under delmål 2)
- liten kapasitet til ressursdisponering og økonomistyring

Liten kapasitet og kompetanse til å ivareta og leggje til rette for god og effektiv forvaltning av ressursane i høgskulen, vil i stor grad vere knytt til om vi greier å behalde tilsette som arbeider i nøkkelstillingar og om vi greier å rekruttere nye ved avgang i stillingane.

Vi er i dag organisert med avdelingsadministrasjonar som ivaretek økonomistyring og ressursplanlegging. Med fem avdelingar med tilhøyrande administrative stillingar som må utvikle eigne system for planlegging og økonomistyring, er det ein fare for at desse i for stor grad blir åleine med sitt ansvarsområde. Dette kan føre til at arbeid av likearta karakter blir utført ulikt i organisasjonen. Dette gjeld til dømes på område som ressursplanlegging (driftsplanlegging), prosjektstyring og økonomistyring.

Vi er sårbare i situasjonar der vi får utskifting i stillingane. Vi har i dag fem rådgjevarar innan økonomi og personalområdet på avdelingane, og vi er i ein situasjon der vi har avgang og nyttilsetning i stillingane. Risikoen for at dette skal føre til redusert kvalitet i økonomiarbeidet

er tilstades, og kan seiast å vere moderat. Som tiltak for å redusere risikoen ser vi at vi i større grad må jobbe som team. Dette er vi i ferd med å organisere. Vi vil utarbeide felles system for økonomistyring og ressursplanlegging. Dette vil auke kvaliteten og redusere sårbarheita.

Departementet har bedt institusjonen om å vurdere risiko knytt til dei administrative støttesystema. Risikoen er knytt til både it-risiko generelt og til bemanning og sårbarheit. Vi har i 2010 sett i gang arbeid med it-tryggleik i samarbeid med Uninett. Denne gjennomgangen vil gje oss innsyn i status og område som må sikrast, og skal vere slutført i løpet av 2011.

## **Verksemdsmål 4.2**

**Høgskulen skal gjennom sin personalpolitikk medverke til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.**

### **Resultatmål 1**

**Høgskulen skal arbeide for å oppnå jamn kjønnsfordeling mellom kvinner og menn.**

### **Resultatmål 2**

**Andel kvinner i førstestillingar, dosent og professorstillingar skal aukast.**

### **Resultatmål 3**

**Minst 50% av HSF sine doktorgradsstudentar skal vera kvinner.**

### **Resultatmål 4**

**HSF skal forbetre informasjon og oppfølging av nytilsette stipendiatar.**

### **Resultatmål 5**

**Høgskulen skal kunne tilby konkurransedyktige arbeidsvilkår for å behalde og rekruttere kompetanse.**

### **Resultatmål 6**

**Høgskulen skal tilby kurs i pedagogisk kompetanse til alle nytilsette i vitskaplege stillingar.**

### **Resultatmål 7**

**Leggje til rette for at sjukefråveret ikkje overskrider 4-4,5%.**

### **Resultatmål 8**

**Bruk av mellombelse stillingar skal reduserast.**

### **Resultatmål 9**

**Utarbeide retningsliner for konfliktløysing.**

### **Resultatmål 10**

**Leiarar skal involvere tilsette og verneombod for å få kunnskap om dei viktigaste arbeidsmiljøfaktorane ved einingane.**

### **Resultatmål 11**

**Vi skal arbeide vidare med å implementere dei etiske retningslinene.**

## **Risikovurdering knytt til verksemdsmål 4.2**

*Høgskulen skal gjennom sin personalpolitikk medverke til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.*

Risikoen for at vi ikkje skal nå målsettinga om auke i kompetansenivået (professor og førstestillingar) er knytt til tilhøve som

1. fullføringsgrad i stipendiatstillingane
2. å halde på personar med høg kompetanse
3. Attraktivitet

### **1. Fullføringsgrad i stipendiatstillingane**

Vi har dei siste åra opplevd at stipendiatane fullfører raskare enn før. Dette er positivt og gledeleg. Det er viktig at stipendiatane får god tilrettelegging og god ivaretaking under arbeidet med doktorgraden. Vi vurderer risikoen til å vere liten.

Å ta ein doktorgrad er ein einsam jobb. Eit godt og stimulerande fagleg miljø er ein faktor som kan påverke gjennomstrøyminga. Viss det er mulig, vil vi leggje til rette for at fleire stipendiatar kan ha kontorstad i nærleiken av kvarandre. Viss dei i tillegg kan vere i nærleiken av eit forskingsmiljø, vil det liggje godt til rette for faglege diskusjonar og muligheit for utveksling av erfaring og støtte.

### **2. Å halde på personar med høg kompetanse.**

Den største risikoen for at vi ikkje greier å auke i kompetansenivået, er knytt til om vi greier å halde på dei som har førstekompetanse. Det å ha teke ei forskarutdanning, skapar forventningar om å få vilkår for forskning og kunne kvalifisere seg vidare til ei toppstilling. For ein mellomstor høgskule vil det by på utfordringar å kunne tilby tilstrekkeleg tid og ressursar til forskning. Gode fagmiljø søkjer faglege utfordringar innan utdanning og forskning. Det er viktig at førstestillingar er knytta til bachelorutdanningane, men det er og viktig at institusjonen greier å utvikle mastergradsutdanningar som gir faglege utfordringar for dei med høgst kompetanse.

Vi vurderer risikoen til å vere moderat. Tiltaka vil vere av generell karakter og knytta til om høgskulen greier å få ein så robust økonomi at mastergradstilbod let seg realisere. Tverrfagleg samarbeid kan auke muligheitene for å skaffe eksterne prosjekt og utviklingsprosjekt.

### **3. Attraktivitet**

Høgskulen må framstå som ein attraktiv arbeidsplass og vere konkurransedyktig på løn og arbeidsvilkår generelt for å halde på og tiltrekkje seg gode fagfolk.

Høgskulen må ha arbeidsvilkår som er konkurransedyktige med det dei andre institusjonar tilbyr, det vere seg høve til kvalifisering, som tid til forskning og utvikling, eit godt arbeidsmiljø eller lønsvilkår som er på høgde med nivået vi konkurrerer med. Dette kan skape risiko for interne skilnader og misnøye med at nyrekrutterte har eit høgre lønsnivå enn dei som har lengre fartstid i organisasjonen.

Risikoen for at vi ikkje skal vere konkurransedyktige vert sett på som moderat. Like eins risikoen for at vi ikkje greier å tilby arbeidsvilkår som tid til forskning og utvikling.

### **Verksemdsmål 4.3**

**Høgskulen skal ivareta høg kvalitet i økonomiforvaltninga. God internkontroll og effektiv ressursforvaltning skal takast omsyn til institusjonen sine strategiske prioriteringar.**

#### **Resultatmål 1**

**Likviditetsgraden skal liggje på om lag 1,05.**

#### **Resultatmål 2**

**Høgskulen skal ha god styring med avsettingane.**

#### **Resultatmål 3**

**Forbtre styringssystema rundt oppfølging av Fou-prosjekta.**

#### **Resultatmål 4**

**Ingen vesentlege merknader eller kommentarar frå Riksrevisjonen.**

### **Risiko for verksemdsmål 4.3**

*Høgskulen skal ivareta høg kvalitet i økonomiforvaltninga. God internkontroll og effektiv ressursforvaltning skal takast omsyn til institusjonen sine strategiske prioriteringar.*

For å kunne ha høg kvalitet i økonomiforvaltninga er høgskulen avhenging av ein kvalifisert og kompetent administrasjon. På same måte som risiko omtala under verksemdsmål 4.2, er det viktig å leggje til rette for å halde på og tiltrekkje seg dyktige medarbeidarar innafor det administrative området. Det er konkurrans om administrativ arbeidskraft i regionen, og høgskulen må vere ein attraktiv arbeidsplass både på det faglege og økonomiske planet. Konsekvensane av å ikkje ha ein velfungerande administrasjon vert vurdert som alvorleg, men sannsynlegheita vurderast som moderat.

Lønnsnivået må vere om lag på same nivå som dei institusjonar vi konkurrerer med. Det er ikkje alltid slik at vi kan vere på same lønnsnivået som det private næringsliv, men her vil det vere andre faktorar som gjer høgskulen attraktiv.

Vi må ha høg kvalitet i arbeidet og det er viktig å ha fokus på interne prosedyrar. Vi må jamnleg tilby kurs og opplæring i sentrale delar av økonomiregelverket.

Nokre spissfunksjonar blir ivaretatt av for få personar. Dette gjeld område som løn og arkiv. Dette er område med høg risiko, spesielt på lønsområdet. Vi må greie å duplere desse funksjonane. Dette kan skje gjennom jobbdeling og/eller gjennom å styrke dei administrative bemanninga.

### **Verksemdsmål 4.4**

**Høgskulen skal medverke til at nasjonale kunnskapsressursar vert forvalta heilskapleg og til at oppgåve og ansvar vert fordelt og løyst gjennom samarbeid.**

#### **Resultatmål 1**

**Høgskulen vil arbeide for å etablere mastergradssamarbeid innanfor UH-nett Vest.**

Dette er eit prioritert samarbeidstiltak for HSF i UH-nett Vest. Institusjonane skal rapportera til sekretariatet kva masterplanar dei har innan 1. feb. 2011, og på styremøte i mars er



mastersamarbeid eit hovudtema. HSF vonar at på dette møtet vert det gjort vedtak som utviklar samarbeidet vidare med både samarbeid og arbeidsdeling.

#### Risiko for verksemdsmål 4.4

Risikoen for at dette samarbeidet ikkje skal lukkast er moderat. Det er ei positiv vilje hjå alle partar for å få til eit samarbeid, men det krev noko ”prøving og feiling” for å få kunnskap om kva samarbeidstiltak som gjev gevinstar og kva tiltak der resultatet ikkje står i samsvar med innsatsen.

Konsekvensane er på kort sikt små, men på lengre sikt vil det svekka høgskulen si faglege utvikling.

Dersom samarbeidet ikkje lukkast godt nok, må HSF vurderer om det er sjølve konstallasjonen UH-nett Vest som ikkje er god nok eller om innsatsen innanfor UH-nett Vest må aukast. Alternativt må HSF sjå seg om etter meir bilaterale samarbeidstiltak som er forankra i konkrete behov avgrensa til enkelte fagmiljø.

I strategiplanen har HSF formulert ei målsetjing om at HSF er open til å byggja eit Vestlandsuniversitet. HSF kan eventuelt bli nøydd å drøfta igjennom sine strategiske målsetjingar for institusjonssamarbeid på nytt dersom UH-nett Vest mislukkast.

#### Plan for tildelt løyving i 2011

Høgskulen i Sogn og Fjordane fekk i 2011 er ramme på 315,7 mill kr. Vi fekk ei ekstraløyving til inventar og utstyr til nytt Sentralbygg på 53,7 mill kr i 2010 og 1,1 mill kr til arbeidsplassrelatert førskulelærerutdanning. Høgskulen si rammeoverføring frå departementet blir då på 263,1 mill. Frå eksternfinansiert kursverksemda har vi forskottert inntekter frå studiepoengløyving i 2009, denne må vi trekke ut av løyvinga for 2011 med 1,2 mill kr. og inntekter frå løyvingar i budsjettet er 262 mill kr.

Budsjett 2011	
<b>Driftsinntekter</b>	
Inntekter frå bevilgninger	261 951
Tilskudd og overføringer frå andre	4 700
Salgs- og leieinntekter	1 087
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>267 738</i>
<b>Driftskostnader</b>	
Lønn og sisiale kostnader	172 121
Andre driftskostnader	94 077
Avskrivningar	5 812
<i>Sum driftskostnader</i>	<i>272 010</i>
<b>Ordinært driftsresultat</b>	<b>-4 272</b>

I budsjettet for 2011 satsar høgskulen offensivt for å auke studiekapasiteten og nå høgskulen sine mål i strategisk plan om å styrkje bachelorutdanningane, styrke forskinga og kunne tilby mastergrad innanfor dei sentrale utdanningsområda. I budsjettet for 2011 ligg det inne både ei satsing på master idrett og nytt opptak i master organisasjon og leiing.

Det er sett av 1,5 mill kr til studiekvalitetstiltak, mellom anna tiltak for å betre studiekvaliteten. Dette gjeld igangsetting av eit tilbod i pedagogisk basiskompetanse og digital kompetanse.

Det er eit sterkt ønskje om å følgje opp fou-satsinga i HSF. Dette samsvarar med eit anna målområde i strategiplanen som går på at høgskulen skal vere ein forskingsbasert høgskule.

Budsjettet i 2011 inneber ei styrking av FOU på i underkant av eitt årsverk.

# **Vedlegg til Rapport og planar (2010 – 2011)**

- 1. Særskild rapportering i forhold til sektormål 1**
- 2. Rapport om ingeniørutdanninga**
- 3. Rapport om førskulelærarutdanninga**



## Særskild rapportering i forhold til sektormål 1

### Rapportering om SAK

HSF har vald UH-nett Vest som sitt regionale nettverk for å fremja samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon innanfor høgre utdanning. HSF har to hovudmål med dette samarbeidet. Det eine er å bidra til ei god samordning av mastergradsutvikling innanfor høgskulen sine fagområde, der ein gjennom samarbeid kan dekkja eit breitt behov i arbeidslivet samstundes som høgskulane kan prioritera tilbod på dei områda der ein har gode faglege føresetnader. For HSF er det også viktig å delta i mastersamarbeid på område der vi sjølv ikkje kan bera fram mastergrader for å dekkja kompetansebehov i Sogn og Fjordane. Det andre hovudmålet er å etablera faglege nettverk både for å styrka grunnutdanningane sin faglege basis og for å gje fagtilsette betre muligheiter til å delta i forskingsarbeid i lag med andre gode fagmiljø.

Samarbeidet i UH-nett Vest gjer samarbeidet mellom høgskulane på Vestlandet og Universitetet i Bergen sterkare. Det vert arbeidd for større og meir robuste forskingsmiljø, mellom anna for å styrke rekrutteringa av forskarar og for å få større utteljing i konkurranse om eksterne midlar.

For 2011 er det søkt SAK-midlar til utvikling og implementering av digitale samarbeidsverktøy i samarbeid med Uninett. I første omgang var prosjektet avgrensa til samarbeid om grunnskulelærarutdanninga, men er no utvida til å gjelde alt samarbeid i nettverket. Arbeidet med å utgreie ein forskarskule i helse- og sosialfag held fram.

Mastergradssamarbeidet i UH-nett Vest skal drøftast i styret i mars 2011.

Forskingssamarbeidet vil fortsetje og det tredje forskarsymposiet blir avvikla samstundes. Det er utfordrande å sikre god kvalitet ved alle institusjonar innafor samarbeidsområda. Dette er ein avgjerande føresetnad for å utvikle bærekraftige samarbeidstiltak.

### Høgskulen sine planar for oppfølging av tildelte studieplassar

Høgskulen fekk følgjande studieplassar i statsbudsjettet for 2011:

	Vidareført frå RNB 2009	Statsbudsjettet 2011
Frie studieplassar		15
Fireårig GLU	20	
Treårig sjukepleie	10	
Frie studieplassar bachelor	15	

Dei nye studieplassane blir brukt som følgjer:

- 10 studieplassar sjukepleie brukt til auka opptakskapasitet på denne utdanninga frå og med hausten 2010.
- 20 studieplassar GLU brukt til auka opptakskapasitet på denne utdanninga frå 2010 med utvida kapasitet både på heiltid og samlingsbasert tilbod.
- 15 frie studieplassar brukt til etablering av bachelor i fornybar energi og årsstudium i jus frå og med 2010.
- 15 frie studieplassar brukt til auka opptakskapasitet frå 2011 på barnevernspedagogikk, sosialt arbeid, fornybar energi og eigedomsmekling.

Den planlagde kapasitetsauken i 2011 medfører først og fremst betre kapasitetsutnytting, men også nokre utfordringar knytt til praksisplassar.

### **Rapportering om studentkapasitet**

Nedanfor følgjer utfylt exel-ark som viser at høgskulen kan auka kapasiteten med 125 studieplassar i 2011 og ytterlegare 75 studieplassar i 2012. Kapasitetsutvidninga for vernepleie og økonomi/administrasjon baserer seg på opptak av eigne kull i januar 2012. For vernepleie er tilbodet planlagt som samlingsbasert deltidsstudium. Høgskulen har hatt gode røymsler med opptak av januarkull siste åra.

## Utdanningsinstitusjon: \_Høgskulen i Sogn og Fjordane

KORT SKJEMA

Overordnede spørsmål som besvares helt kort og konsist, jf. den strategiske delen av Rapport og planer (2011-2012).

1. Hvor mange studieplasser kan institusjonen øke med fra dagens nivå frem mot høsten 2012, gitt 60/40 finansiering fra departementet, men innenfor dagens øvrige rammebetingelser og infrastruktur?

Svar spm 1: Kapasiteten kan aukast med 125 studieplassar i 2011 og ytterlegare 75 i 2012. Kapasitetsauken for vernepleie og økonomi/adm er planlagt med opptak av eigne kull som startar i januar 2012. For vernepleie er det tale om eit samlingsbasert deltidsstudium.

2. Hvilke begrensede faktorer står institusjonen særlig overfor som hindrer vekst (kan spesifiseres på utdanningsprogram ved behov)?

Svar spm 2: Kapasitetsauken vil gi nokre utfordringar med omsyn til praksisplassar og rombehov inntil innflytting i nybygg sommaren 2012.

3. Er det særskilte studieprogram som institusjonen ønsker å prioritere spesielt av strategiske årsaker eller for å rendyrke en faglig profil?

Svar spm 3: Høgskulen sin strategi tilseier at det er svært viktig å få etablert eigne masterutdanningar innan lærarutdanning og idrett.

4. Er det særskilte studieprogrammer som institusjonen ønsker å bygge ned eller avvikle av samme årsaker?

Svar spm 4:

		Opptak 2010 (antall studie- plasser)	Planlagt opptak 2011(antall studie-plasser)	Muligheter for økning i antall studieplasser til høst 2011?	Muligheter for økning i antall studieplasser til høst 2012?
		Antall	Antall	Ca. antall	Ca. antall
Helse- og sosialfag	Samla	267	275	35	0
	<i>hvorav</i> Barnevernpedagog	30	35	5	0
	Sosionom	42	45	5	0
	Sykepleier	138	138	0	0
	Vernepleier	30	30	20	0
	ABIØK	7	7	0	0
	Eldreomsorg	20	20	5	0
Lærerutdanning	Samla	201	201	0	20
	<i>hvorav</i> Grunnskolelærer - steg 1-7	63	53	0	10
	Grunnskolelærer - steg 5-10	30	40	0	0
	Praktisk-pedagogisk utdanning	50	50	0	0
	Førskolelærerutdanning	43	43	0	0
	Toårig masterutdanning	15	15	0	10
	Ettårig barnehagepedagogikk	0	0	0	0
Realfag og teknologiske fag	Samla	15	15	5	5
	<i>hvorav:</i> Geologi og geofare bachelor	15	15	5	0
Andre fag	Samla	255	255	85	50
	<i>hvorav</i> Økonomi og administrasjon bachelor	40	40	25	0
	Idrett bachelor	75	75	15	10
	Jus bachelor	30	30	15	15
	Organisasjon og leiing master	15	15	0	15
	Idrett master	0	15		10
	Akuttsjukepleie vidareutd (30 sp)	30	30	10	0
	Ernæring vidareutdanning (60 sp)	25	25	10	0
	Vidareutd for førskulelærarar	40	40	10	0





## **NOKUT evaluering av ingeniørutdanninga. HSF sin rapport for oppfølging og rapportering pr 10.02.11**

Vi viser til brev av 30.09.09 der departementet ber spesielt om rapport på punkt 1, 4, 6, 8 og 9 i HSF sin plan for oppfølging og rapportering, datert 30.06.09. Nedanfor er lista opp viktige resultat og kommentarar på desse punkta. Deretter følgjer statusrapport for den detaljerte planen.

1. **Rekruttering:** Hausten 2009 starta det opp 25, og hausten 2010 28 nye førsteårsstudentar, inkludert studentar på det nye Y-vegtilbodet.

Samarbeidet i Teknovest er vidareført, spesielt med Høgskolen (HiB) i Bergen, med eigen avtale. Vi hatt godt samarbeid med Øyrane vgs (yrkesfagleg) og Opplæringskontoret for prosessindustrien i samband med planlegging og profilering av Y-vegtilbodet. Vidare har vi tilrettelagt ”open dag” for vidaregåande skular og invitert elevar til faglege arrangement. Tilbod om tilpassa 2-årig studiemodell for fagskulekandidatar er eitt av resultatane av eit breitt samarbeid med Fagskulen i Førde. Ingeniørstudentar har i 2010 og 2011 delteke i HSF si sentrale gruppe med rekrutteringsambassadørar. Samarbeidet med lokalt og regionalt næringsliv er ein viktig faktor i rekrutteringsarbeidet.

4. **Pedagogisk kompetanseutvikling:** Avdelinga vil delta i pedagogisk utdanning utvikla av departementet i samarbeid med NRT-Nasjonalt råd for teknologisk utdanning. I samband med dette har HSF avtala eit mentorsamarbeid med HiB.
6. **Utvikling av FoU-miljø:** Vi har vidareutvikla samarbeidet i UH Nett Vest innafør prosjektdeltaking og nettverksbygging.

FoU-arbeidet frå 2009-11 omfattar m.a. FoU-prosjekt saman med lokalt næringsliv og internasjonale samarbeidspartnarar med publisering i fagfellevurderte tidsskrift, deltaking i EU-prosjektet ”Datalogging as Innovative Learning Tool og deltaking i 2 EU-søknader.

For 2011 prioriterer avdelinga ei stipendiatstilling ved ingeniørutdanninga, og styret for høgskulen vil i februar 2011 gi svar på søknaden om HSF-doktorgradsstipend. Dersom avdelinga lukkast med å få finansiert ei stipendiatstilling over fire år, vil det bli lyst ut ei ny fast førstestilling.

8. **Læringsmål og sluttkompetanse:** Vi implementerte læringsutbytte i studieplanen for 2009/10, og følgjer opp det arbeidet som skjer på feltet i regi av NRT m.a. knytt til arbeidet med ny rammeplan.

9. **Internasjonalisering:** Våren 2008 hadde vi seks Erasmusstudentar for eitt semester, våren 2010 to studentar, våren 2011 fire innreisande og tre utreisande utvekslingsstudentar. I våre to internasjonale studietilbod er det lagt opp integrerte emne slik at dei norske studentane også kan få undervisning på engelsk.

Vi har hatt ei god utvikling på lærarutveksling, studentutveksling og på internasjonalt forskningssamarbeid. Dette feltet må prioriterast, og vi ser spesielt behovet for ein ny samarbeidsinstitusjon i eit engelskspråkleg land.

**Rapporteringa er i det følgjande integrert i plan av 30.06.09**

<b>TILTAK OG MÅL MED UTGANGSPUNKT I MOMENTLISTE I DYKKAR BREV OG FRÅ TILRÅDINGAR I HOVUDRAPPORTEN</b> (moment og tilrådingar i kursiv)	<b>ANSVAR</b>	<b>TIDSPLAN</b>	<b>STATUS</b>
<b>FAGLEG INNHOLD OG KVALITET</b>			
<i>Hovudrapport: "Kvalitetssikring av TRES og Y-veien"</i>			
Handlingsplan for oppfølging av nytt Y-veg tilbod (studieleiar, før haust -09) Status:  Oppfølginga av Y-vegstudentane har vore løpande drøfta mellom studieleiar og fagansvarlege, og i eige møte med studentane. Eksamensresultata har vore på tilfredstillande nivå. Vi har konkluderte første året med behov for god rettleiing ved opptaket for å sikra at studentane er nok budde på at dette er eit krevande studieløp og at forkurs kan vera betre for enkelte.			
<i>Hovudrapport: To eller flere institusjoner bør i størst mulig grad samarbeide om lærerressurser, administrative ressurser og utstyr, samt om benchmarking og til en viss grad kursutvikling</i>			
Vidareføre samarbeidet med Høgskolen i Bergen (HiB) og fornye avtalen.	Dekan	Vår 2009	ok, signert haust -09
Vidareføre stor andel eksterne sensorar	Dekan	Løpande	ok
Sjå elles planen punkt 5			

<b>UTDANNINGA SIN RELEVANS</b>			
Sjå planen punkt 7			
Vidareføra stor vekt på prosjektarbeid	Studieleiar		ok
<b>SVIKTANDE REKRUTTERING</b>			
Sjå planen punkt 1			
<b>GJENNOMGÅANDE HØGT FRÅFALL</b>			
HSF er ikkje svake på gjennomstrømning, men vil vidareføre og fokusere på tiltak for å unngå fråfall. Sjå planen punkt 2 og 7	Studieleiar		
Prosjektet TRUST - utrede tiltak som kan bidra til å auke rekrutteringa og redusere fråfallet innanfor teknologi- og realfaga. Universitetet i Bergen (prosjektleiing), HSF og Høgskolen i Bodø	Studie-administrasjon	Ferdig juni 2010	ok
<b>MANGE SÅRBARE FAGMILJØ MED LÅG FORSKINGSKVALITET</b>			
Sjå planen punkt 3, 6 og 9			
<b>FÅ TILSETTE MED FØRSTESTILLINGSKOMPETANSE</b>			
Sjå planen punkt 3			

<b>TILRÅDINGAR OG KOMMENTARAR I INSTITUSJONSRAPPORTEN</b> (moment og tilrådingar i kursiv) <b>TILTAK/MÅL</b>	<b>ANSVAR</b>	<b>TIDSPLAN</b>	<b>STATUS</b>
<b>1. Styrke rekrutteringsarbeidet for å oppfylle målalet for opptak på 20</b>			
			2008: 20 nye studentar (inkl Y-vegen) 2009: 25 2010: 28
Tilby nytt studium Ingeniør elektro Y-vegen, bachelorstudium, tilrettelagt studium basert på opptakskrava yrkesfagleg utdanning og relevant fagbrev	Rektor	Oppstart haust /Kvart studieår	ok, første oppstart haust 2009
Sikre god nettprofilering av studietilboda ved økt stillingsressurs i HSF	Studie-administrasjon	Frå vår 2009	ok
Vidareføre nye faktaark for studietilboda for distribusjon	Studieleiar og studieadm.	Vår 2009/ Løpande	ok
Vidareføre profilering av tidlegare studentar på nett	Studentprosjekt	Haust 2008 -	ok
Meir profilering av teknologi og lokalt og regionalt næringsliv for elevar i vgs (døme: føredrag og stands på open dag, fagrelaterte besøk på vidaregåande skular, deltaking på ulike messer)	Studieleiar		ok Døme: Ingeniørstudentar HSF-ambassadørar Tilbyr gjesteførelingar til vgs
Fornye avtale med Høgskolen i Bergen om rekrutteringssamarbeid	Dekan	Vår 2009	Ok, integrert i samarbeidsavtale
Vidareføre og styrke samarbeid med vgs, fagskule og opplæringskontor	Studieleiar	09/10	Ok, m.a. tilpassa 2-årig studiemodell for fagskulekandidatar, invitasjonar til faglege studentarrangement, tilrettelagt open dag, ulike samarbeidsmøte
Vidareføre deltaking i Teknovest *	Dekan		ok

<b>2. Utvikle formelle rutinar for kontroll av inntakskvaliteten til studentane</b>			
Utvikle rutiner for kontroll av inntakskvalitet	Studieadm.	09/10	Inntakskvaliteten til dei som kjem via TRES, forkurs og Y-veg er kjent, vi har enno ikkje etablert system for dei andre.
Vidareføre tett studentoppfølging (fokus, romplanlegging, undervisningsformer, lett tilgang til rettleiing, vurderingsformer, arbeidsplanar, studentsamtalar, identitetsskapande tiltak )	Studieleiar og fagtilsette	Løpande	Sjå pkt 5
<b>3. Utvikle/tilsetje faglærarar med førstekompetanse</b>			
Ein tilsett fekk førstelektorkompetanse i februar 2008 på fagfeltet matematikk og statistikk		Gjennomført	ok
Ny førstelektorsøknad knytt til industriell kommunikasjon og automasjon	Den aktuelle fagtilsette	Sendt juni 2009	Oppnemnt kommisjon har ikkje levert innstilling. Arbeider med å etablera ny kommisjon.
Prioritera ressursar på arbeidsplan for ein fagtilsett i studieåret 09/10 til utviklingsarbeid på feltet samarbeidslæring	Studieleiar	09/10	ok
Tilsetje dosent II ved ingeniørutdanninga	Rektor	09/10	Har avventa finansiering, vil prøva å få tilsett i 2011.
<b>4. Konsentrere ressursane til pedagogisk og vitenskapleg kompetanseutvikling blant faglærarane</b>			
Sjå pkt 3			
Samarbeid med lærarutdanninga på utviklingsprosjekt knytt til undervisning (pilotprosjekt knytt til faget studentbedrift)	Fagtilsett	09/10	Ok, igangsett haust 09, eksterne midlar
Følgje opp nasjonale planar for ingeniørdidaktiske pedagogikkurs (2 fagtilsette har ikkje pedagogisk utdanning, men lang undervisningserfaring)	Dekan		Ok, har avtala mentorsamarbeid med HiB. Meldt planar om deltaking til kursansvarlege.

<b>5. Ta omsyn til dei fagleg sakkunnige sine synspunkt på utdanningane og gjennomføre relevante tiltak **</b>			
Oppfølging i leiarmøte og møte mellom fagtilsette	Dekan og studieieiar	Løpande	
Tema ved rapport for studiekvalitet ved avdelinga	Dekan og studieieiar	Haust 2009	ok
<p>Institusjonsrapporten s 217: .. styrka studentinnsats og studentaktive undervisningsformer og meir obligatoriske øvingar/innleveringar:</p> <p>Tiltak/mål: Vidareføre undervisning med mykje veksling mellom førelesing og oppgåveløysing.</p> <p>Oppfølging av studentane sin innsats i studentsamtalane</p>	Studieieiar og fagtilsette	Løpande	<p>ok</p> <p>I studieplan 09/10 er obligatorisk arbeid økt i faget prosessstyring.</p> <p>Fortsatt faste rom for årstrinna</p> <p>Nyttar delt klasse for mesteparten av lab og øvingar i 1. kl (økt lærarressurs)</p> <p>Tilbod om timar med studentassistentar haust - 09 og -10.</p> <p>Større andel mappevurdering enn før</p>
Stimulera til aktiviteten i studentrådet	Studieieiar	Løpande	ok, medvirkar til etablering av studentråd i samarbeid med Studentparlamentet
Vidareføre stor andel eksterne sensorar	Studieieiar	Løpande	ok
<p>Inst. rapp s 225:</p> <p>Drøfte individuell vurdering av hovudprosjektet</p>	Studieieiar	Våren 2010	Implementering av ny rammeplan vil gi grunnlag for konklusjon her.
<b>6. Utvikle eit FoU-miljø kring utdanninga</b>			
Delta i forskingsprosjekt og nettverksbygging i UH-nettVest.	Dekan	Løpande	Ein fagtilsett har delteke deltek i prosjekta Lett brønnintervensjon (HSH, HiB, HSF, HiÅ, UiS) og Bygg, energi og klima (HiB, UiB, HSF og UiS)
Fornye avtale med Høgskolen i Bergen om fagleg samarbeid	Dekan	Juni 2009	Integrert i samarbeidsavtale
Ein fagtilsett deltek i EU-prosjektet "Datalogging as Innovative	Fagtilsett	2008-10	ok

Learning Tool” (Danmark, Irland og Sverige) (Leonardo da Vinci prosjekt)			
FoU-prosjekt i samarbeid med Silesian University of Technology, Gliwice: Geology & Information Technology, Polish-Norwegian Research Fund (164-AII-1/07)	Dekan/to fagtilsette	2009	Slutført november 2009, ForschProId p09000532 (ForskPubID r09022655, r10005993, r09022657, r09022667)
Lage plan for å auke andel publisering i FoU-arbeidet	Dekan/Fou-utval	Hausten 09	Referer til HSF sin strategiplan og tilhøyrande handlingsplan. Det har vore god utvikling m.o.t. publisering.
Sjå elles tiltak under punkt 3			
			Delte i EU-søknad i samarbeid med Silesian University of Technology, University of Applied Science Ingolstadt, og private bedrifter: ”Development of Component Based Methods for Digital Engineering” (FP7-257924)
			Samarbeider med Avd for helsefag om utvikling og senter for helseforskning om omsorgsteknologi (hittil bacheloroppgåve, open temadag, lunsjseminar)
			Avdelinga har prioritert tilsett på ingeniørutdanninga i søknad om HSF doktorgradsstipend, søknad er levert vår 2011
<b>7. Auke næringslivskontakten for studentar og faglærarar og auke EVU-verksemnda</b>			
Vidareføre nytt valfag vår 2009, CAD og prosjektdokumentasjon, førelesarar frå næringslivet med fagstoff frå sine bransjar og verksemder	Studieleiar		Andre valfag prioritert, CAD vert tilbydd som tilleggskurs i samarbeid med Fagskulen..
EVU : Kurs , 50 timar TCP/IP baserte nettverk for Relacom	Fagtilsett og HSF oppdrag	Våren 2009	ok
Vidareføra tilbodet av valfaget Styrt praksis	Studieleiar		ok

Delta i planlegging av SF-teknologi - Sogn og Fjordane teknologisenter ( v/Bedriftsnettverket *** i lag med andre offentlege og private organisasjonar og verksemdar) (Mål :SF-Teknologi skal styrke banda mellom utdanningsmiljøa, forskingsmiljøa og næringslivet)	Dekan	Forprosjekt start haust 2009	ok , forprosjektet ”Innovasjonscenter” pågår
Markedsføring av traineeprogrammet i Sogn og Fjordane - ein nyutdanna ingeniør tilsett som trainee våren 2009	Studieleiar	Løpande	Alle studentar invitert til sentral Karrieremesse v/HSF og Framtidsfylket vår 11.
Vidareutvikle tilbodet om fadderbedrifter (der studentane m.a. gruppevis skal gjennomføre miljøprosjekt, få innblikk ingeniørfaglege aktiviteter, og samarbeide med bedrifta om ”møte” mellom heile klassen og verksemda)	Studieleiar	Haut 2009	ok
Næringslivsarrangement for nye studentar ved oppstart hausten 2009, for motivasjon og identifikasjon med ingeniørrollen og bli kjent med næringslivet.	Studieleiar	September 2009	Ikkje gjennomført som planlagt, alle nye studentar ute i fadderbedrifter i miljøprosjekt Arrangement på fornybar energi gjennomført for alle studentar januar 2010.
Vidareføre førelesar frå lokalt næringsliv i faget Prosesstyring	Studieleiar		ok
Auke omfanget av gjesteførelesarar frå næringslivet	Studieleiar og fagtilsette	Status-gjennomgang h-09	Oversikt over generelt samarbeid med næringslivet vil bli utarbeida februar -11.
Vidareføre hovudsakleg eksterne oppdragsgjevarar for hovudprosjekt.	Studieleiar i lag med bedriftsnettverket		Ok, løpande Studentane skaffar ofte sjølve oppdragsgivarar i lokalt privat og offentleg arbeidsliv.
Pilotprosjekt på valfaget Studentbedrift i samarbeid med lærarutdanninga og med støtte frå Innovasjon Noreg.	Fagansvarleg for valfaget	Studieåret 09/10	Studentbedrift oppstarta haust 2009, fleire bedrifter hausten 2010.
Knyte professor tilsett i HSF på fagfeltet fornybar energi opp mot ingeniørutdanninga med omsyn til EVU, FoU og undervisning	Rektor	Haut 2009	



<b>8. Utarbeide mål og krav til måloppfylfing for utdanninga, også som grunnlag for å vurdere sluttkompetanse</b>			
Evaluere og vidareutvikle omlegginga frå læringsmål til læringsutbyte som vart gjennomført for HSF for studieplanen	Studieleiar /studieadm.	09/10	Følgjer frå NRT-prosessen
Samarbeid med HiB og eventuelt andre ingeniørutdanningar om evaluering og vidareutvikling av læringsutbyte, også med omsyn til krava i rammeplanen.	Studieleiar	Vår 2010	Delteke i nasjonalt fagmøte for utvikling av læringsutbyte på programnivå (elektrområdet)
<b>9. Utvikle eit internasjonalt kontaktnett, mellom anna med mål om å kvalitetssikre utdanninga</b>			
Vidareføre kontakten med Silesian University of Technology, Gliwice, og dei andre avtaleinstitusjonane	Dekan	Løpande	ok
Planlegge samarbeid med andre norske utdanningar for felles internasjonale kontaktpunkt	Dekan	2010	Ikkje gjennomført
Sjå elles punkt 6			

\*) TeknoVest – samarbeid mellom Høgskolen i Bergen, Sjøkrigsskolen, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskolen Stord-Haugesund, Høgskolen i Ålesund, Universitetet i Bergen eller Universitetet i Stavanger. TeknoVest har til no vore eit samarbeid på utdanningsnivå, gjennom ei felles satsing på studentrekruttering, men også når det gjeld undervisning, utveksling av lærarkrefter og utvikling av program og kurs.

No vert også forskingssamarbeidet mellom medlemsinstitusjonane formalisert.

\*\*) Tiltak for mange av dei fagleg sakkunnige sine synspunkt på utdanningane vil vera dekkja under dei andre punkta i handlingsplanen.

\*\*\*) Bedriftsnettverket i Sogn og Fjordane vart etablert i 2005 for å styrke studium ved Høgskulen i Sogn og Fjordane som er av særleg interesse for næringslivet. Bedriftsnettverket er eit samarbeid mellom næringsliv, FoU-miljø og det offentlege.



Status for oppfølging av NOKUT-evaluering av førskulelærerutdanninga ved HSF.

Førskulelærerutdanninga vart evaluert av NOKUT i 2010, og tilbakemeldingane til HSF var i stor grad positive.

Styret har med tilvising til brev frå KD 21.10.10 utarbeidd ein plan for oppfølging av evaluering av førskulelærerutdanninga. Planen vart sendt departementet i desember. Departementet har bedt om rapportering om status for oppfølgingsarbeidet i eige vedlegg til Rapport og planar, første gong i 2011. Her følgjer ein kort status for arbeid som til no er sett i gang.

Planen skisserer 14 hovudutfordringar med tiltak vedrørande kompetanseutvikling, rekruttering av studentar, tilpassing til ny rammeplan, utviling av FOU- aktivitet, styrking av status for utdanninga og systematisk arbeid med utvikling av studiekvalitet, analysar og kritisk vurdering av utdanninga.

Fram til no er det arbeid med å styrke utdanninga sin status gjennom å informere om kor aktuell og fagleg god førskulelærerutdanninga er. Vi har hatt eit felles arrangement for alle studentane på førskulelærerutdanninga med tema ”NOKUT- oppfølging og likestillingsarbeid”. Inviterte gjester, rektor og styreleiar deltok . Utdanninga har vore omtalt på HSF sitt personalseminar og i mange eksterne fora, både med sikte på rekruttering og fagleg status for utdanninga.

Gjennom kandidatundersøkinga har høgskulen sett på korleis førskulelærerstudentane har vurdert utdanninga, og korleis dei har kome seg inn i arbeidsmarknaden.

Endringa i lærartettleiken kan forklarast med at utdanninga har opptak til store deltidskull berre annankvart år.

<b>Utfordringar</b>	<b>Mål</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Tidsplan</b>	<b>Ansvarleg</b>
1. God nok formell kompetanse i fagmiljøet:	Ha 30 % fagtilsette med 1. kompetanse både i pedagogikk og dei fagleg-pedagogiske studia	Sikre at det på institusjonsnivået vert prioritert: -doktorgrads stipend øymerka til førskulelærerutdanninga. - midlar og fagleg støtte til 1.lektorsøknader for tilsette i førskulelærerutdanninga. Gjeld i sær pedagogikk og estetiske fag.	15.12.2011 og 15.12.2012	Dekan ALI og rektor HSF
2. Byggje vidare på den vellukka satsinga med å integrere teori og praksis også etter at PIL-prosjektet er avslutta.	Vidareføre PIL-prosjektet som internt prosjekt. Bruke erfaringane frå PIL-prosjektet til å initierer nye fou-prosjekt og vidareutvikle samhandlingsfora.  FOU: Få til ei eiga førskulelærer-gruppe	Ta utgangspunkt i det som er dokumentert i egne rapportar, referat frå prosjektmøte, ulike samarbeidsfora, referansegruppa, m.m. - Organisere praksisførebuande møte slik det vart gjort for 1 F hausten 2010. - Utvikle system for korleis bruke praksislærarar og styrarar meir i undervisninga og på praksisførebuande møte t.d. når 3 F studentane har bhg-overtaking. -Sjå elles punktet om fou-aktivitet.	01.03.2012	Studieleiar, praksisrett-leiarane og fou-leiar for læringsforskning
3. Rekruttering og inntakskvalitet	Arbeide målretta for å rekruttere ca 38 heiltidsstudentar kvart år og ca 40 deltidstudentar annankvart år. På heiltid er det eit mål å ha 30 % gutar/menn. Måltala er 30 på heiltid og 33 på deltid.	Opprette ei eiga rekrutteringsgruppe med representantar frå studentar, fagtilsette/praksislærarar og nyutdanna. Arbeidet må planleggjast i nært samarbeid med studieadministrasjonen og dei to fagtilsette som arbeider med å rekruttere og behalde menn i bhg/utdanninga.	31.12.2011	Studieleiar og studiekonsulent ALI og i samband med rekrutteringsansvarleg i studieadministrasjonen.
4. Ny rammeplan	Oppdatert og formålstenleg rammeplan for førskulelærerutdanninga	Utarbeide ny rammeplan	01.05.2012	

5. FOU-aktivitet	Kvart år ha både utviklings- og forskingsprosjekt knytt til førskulelærer-utdanninga.	Sikre at det, i HSF og ALI, blir sett av midlar til: - utviklingsarbeid der dei høgskuletilsette samarbeider med praksis-barnehagane. - forskning med tema knytt til førskulelærer-utdanninga. Arbeide for at fagtilsette i førskulelærerutdanninga kan få hjelp og støtte til å skrive gode søknader med tanke på eksternfinansierte fou-prosjekt. Drøfte korleis fou-aktivitet knytt til førskulelærer-utdanninga blir prioritert i forskingsgruppene på avdelinga.	31.12.2012	Dekan, studieieiar og fou-utvalet.
6. Status til utdanninga	For HSF: At førskulelærer-utdanninga framleis skal ha høg status i HSF.	-Nå ut med informasjon om kor aktuell og fagleg god førskulelærerutdanninga ved HSF er. -Sikre at dei fagtilsette for førskulelærerutdanninga også i framtida får ha kontorfellesskap med andre fagtilsette i same fagseksjon. -Drøfte om førskulelærer-utdanninga bør ha opptakskrav slik den nye grunnskulelærerutdanninga har. I tilfelle med samla studiepoeng og ikkje knytt til bestemte fag.	01.03.2012	Rektor, dekan og studieieiar i samarbeid med alle involverte i førskulelærer-utdanninga.
7. Forholdet mellom teori og praksis	Sikre at det blir gitt rom for at faglærarar får møte studentane i praksis. Sjå elles punktet om PIL	-Rekruttere faglærarar til praksisretteleing -La faglærarar følgje opp under faglege prosjekt studentane gjer i praksis	Juni 2011	Studieieiar og alle som er involverte i førskulelærer utdanninga.

8. Studieinnsats og institusjonen sine krav til studentane	- Å auke studieinnsatsen for ein del av studentane - vurdere om vi skal auke krava til studentane	-Halde fram med å ha obligatorisk undervisning. -Analysere undervisningsformene og drøfte med studentane kva tiltak som kan motivere studentane til auka studieinnsats. - Analysere eksamensformene og eksamensresultata for å kunne gjere nødvendige endringar. - Motivere faglærarane til å delta på dei studiepoeng-gjevande kursa om nye undervisningsformer og rettleiing.	Analysere arbeidet som blir gjort i 2011 og ny handlingsplan for 2012	Studieleiar og studiekonsulent i samarbeid med teamleiarane og dei fagansvarlege for dei ulike kursa på F.
9 Kandidatkvalitet	Få fram informasjon/data om korleis tidlegare studentar opplever HSF si førskulelærer-utdanning.	Få gjennomført kandidatundersøkingar for ferdig utdanna førskulelærarar.	01.03.2011	Studiedirektør i samarbeid med studieleiar
10. Følgje opp drøftingar om bachelor-oppgåver.	At arbeidet med bacheloroppgåva blir opplevd som fagleg interessant og nyttig. At bacheloroppgåva kan sjåast i samanheng med praksis og FOU-organisering.	-Drøfte eventuelle forbetringstiltak på bakgrunn av erfaringane frå bacheloroppgåvene våren 2010. -Delta i ei arbeidsgruppe der det skal utviklast planar for bacheloroppgåve i dei nye grunnskulelærer-utdanningane.	Mai 2011	Studieleiar og fagansvarleg for fordjupingseiningane på F.
11. Emne-evaluering	Emneevalueringa skal vere eit nyttig verktøy for å forbetre undervisninga	-Drøfte spørsmåla som blir stilte i teamet -Gje studentane litt informasjon om evaluering og spørsmål før dei skal svare -Drøfte korleis ein på best muleg måte kan følgje opp svara med fagutvalet	Juni 2011	Studieleiar i samarbeid med teamleiarane og fagansvarlege for dei ulike emna.
12. Fagutvalsmøta	Få system for å sikre at det blir halde fagutvalsmøte slik reglementet føreset. Få referata lagde inn på Fronter.	Innføre at dette blir tema på teammøta tidleg haust og ein gong i vårsemesteret.	Mai 2011	Studieleiar i samarbeid med teamleiar.

13. Analysere kva som ligg bak endringa i lærartettleiken i undervisninga i evalueringsperioden, og eventuelt vurdere ressurs til-gangen til utdanninga.	Ha rett forhold mellom lærarar og studentar og tilstrekkeleg ressursar	Analysere endringane nærare	01.03.2011	Rådgjevar Nils Tore Opheim og studieieiar
14. Halde fram prosessar med kritisk vurdering av utdanninga, eventuelt følgd av endring/ fornying, som har gitt så positive resultat.	Vere best mogleg budd til arbeidet med den nye rammeplanen som skal vere klar hausten 2012	Setje ned ei plangruppe som tek utgangspunkt i NOKUT-evalueringa og gjer eventuelt nødvendig analysearbeid med sikte på: - å ha eit godt fagleg grunnlag for å gje høyringsfråsegn til framlegg til ny rammeplan hausten 2011 og - vere best mogleg budd til å utarbeide ny studieplan for både heiltid- og deltids-utdanningane våre.	Juni 2011	Studieieiar i samarbeid med studiekonsulent/ rådgjevar.

KD spør også om planar og strategiar for samarbeid med andre institusjonar om førskulelærerutdanning. Innafor UH-nett Vest er det så langt ikkje gjort vedtak om samarbeidstiltak for førskulelærerutdanninga. Så langt er det samarbeid og arbeidsdeling for grunnskulelærerutdanninga som har stått i fokus. Det er også lagt opp til samarbeid for PPU-utdanningane, og vi reknar med at førskulelærerutdanninga kjem på dagsorden deretter i samband med ny rammeplan som skal gjelda frå 01.08.2012.

Det blir lagt opp til at høgskulen si leing vil følgja opp utviklingsplanen med jamlege møte med avdelingsleiinga ved Avdeling for lærarutdanning og idrett.

